

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutval i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutval - Flora kommune

Utval: Kontrollutval - Flora kommune
Møtedato: 31.08.2012
Møtetid: 09:30
Stad: Møterom: Biblioteket – Sunnfjord Medisinske Senter
Møtenr.: 6/2012
Innkalling: Faste medlemmer i utvalet. Rådmannen (sakene 56, 58 og 59/12 . Revisor (sakene 58 og 59/12).

Melding til: Ordfører(møterett), revisor (møterett) og varamedlemer (Varamedlemer møter etter nærmare innkalling).


Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 976 15 363 eller på e-postadresse: post@sekom.no.

SAKLISTE

- 055/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.
- 056/12 Orientering om og omvising ved Helsestasjonen.
- 057/12 Skriv og meldingar.
- 058/12 Prosjektrekneskap – Prosjekt nr 75634 Gang og sykkelveg Eikefjord – etappe 2.
- 059/12 Prosjektrekneskap – Prosjekt nr 78656 Asfaltering vegar Ytre Reksta – Rognaldsvåg.
- 060/12 Oppfølging bystyret sine merknader til Eigarskapskontroll Alarmsentralen S og Fj IKS.
- 061/12 Oppfølgingsliste 6-2012 – Flora.
- 062/12 Eventuelt.
- 063/12 Budsjett 2013 – Drift av kontrollutvalet.

Flora, 23.08.2012.

Bjarne Holme (s)
Leiar



Asgeir Tveit



SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutval i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

055/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 12.07.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	31.08.2012	055/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

056/12 ORIENTERING OM OG OMVISING VED HELSESTASJONEN

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 12.07.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	31.08.2012	056/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til Flora kommune, datert 27.06.12.
- Brev frå kontrollutvalet til Flora kommune, datert 06.07.12.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsak 032/12 og 039/12 «Kontrollutvalsmøte ute i einingane»

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet tek informasjonen om Helsestasjonen til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

ORIENTERING OM OG OMVISING VED HELSESTASJONEN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Kontrollutvalet får informasjon om og omvising ved Helsestasjonen.

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøte 27.03.2012 vart det teke opp sak om å arranger enkelte kontrollutvalsmøte ute i einingane i kommunen.

I sak 032/12 «Kontrollutvalsmøte ute i einingane» vart det gjort følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet vil i neste møte peike ut kva eining ein vil vitje først.*

I kontrollutvalsmøte 27.04.2012 sak 039/12 «Kontrollutvalsmøte ute i einingane» vart det gjort følgjande vedtak

- *Kontrollutvalsmøte den 31. august vil vert helde på Helsestasjonen, dette for at kontrollutvalet ynskjer å gjere seg kjent ute i organisasjonen til Flora kommune.*
- *Kontrollutvalet vil be om ei omvising på avdelinga under møtet.*

Det er sendt brev til Flora kommune 27.06.12 og epost 06.07.12 der vi har orientert Flora kommune om vedtaket og bede om at det vert lagt til rette for omvising og førebudd ei kort orientering om tenesta ved helsestasjonen der aktuelle tema til dømes kan vere oppgåvene til tenesta, regelverk og retningsliner tenesta skal følgje, vedtak tenesta må etterleve, resultat i høve til mål for tenesta og særskilte utfordringar tenesta står overfor internt og eksternt.

Sekretariatet sine vurderingar.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Flora kommune
Postboks 13
6901 FLORØ

Førde, 27.06.2012

Dykkar ref.:

Vår ref.: At

Jnr.: 319/12

Arkiv: Flora

OMVISING OG ORIENTERING HELSESTASJONEN - KONTROLLUTVALET

I kontrollutvalsak 039/12 «Kontrollutvalsmøte ute i einingane» 27.04.2012 gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:


- *Kontrollutvalsmøte den 31. august 2012 vil vert helde på Helsestasjonen, dette for at kontrollutvalet ynskjer å gjere seg kjent ute i organisasjonen til Flora kommune.*
- *Kontrollutvalet vil be om ei omvising på avdelinga under møtet.*

Møtet i kontrollutvalet 31.08.2012 vil såleis bli halde på Helsestasjonen. Vi ber om at rådmannen førebur ei kort orientering om avdelinga, og at det vert lagt til rette for ei omvising for kontrollutvalet.

Kontrollutvalet har etter lova rett til all informasjon uavhengig av teieplikt Jfr. kml § 77 pkt. 7. Møta til kontrollutvalet går for opne dører. Vi ber om tilbakemelding, dersom det er tilhøve rundt dette vi må ta omsyn til, slik at vi evt. må lukke dørene i samband med møtet.

Kontrollutvalet har tinga møterom ved helsestasjonen, men vi har enno ikkje fått tilbakemelding på denne tinginga.

For kontrollutvalet i Flora kommune



Asgeir Tveit



SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

Tveit Asgeir

Fra: Tveit Asgeir
Sendt: 6. juli 2012 13:34
Til: 'Flora kommune (postmottak@flora.kommune.no)'
Emne: VS: Kontrollutvalsmøte 31.08.12 - helsestasjonen
Vedlegg: 2012.06.27 Omvising helsestasjonen - Flora.pdf

Fra: Tveit Asgeir
Sendt: 6. juli 2012 13:27
Til: 'gry.ommedal@flora.kommune.no'
Kopi: 'Holme Bjarne (bjarne.holme@flora.frp.no)'; 'terje.heggheim@flora.kommune.no'
Emne: VS: Kontrollutvalgs møte 31.08.12 - helsestasjonen

Vi viser til telefonsamtale i dag 06.07.12 Ommedal/Tveit.

I samband med neste møte i kontrollutvalet ber kontrollutvalet om at administrasjonen førebur ei kort orientering (45 – 75 min.) om tenesta ved helsestasjonen der aktuelle tema til dømes kan vere oppgåver, regelverk og retningslinjer tenesta skal følgje, vedtak ein må etterleve, resultat i høve til mål for tenesta og særskilte utfordringar tenesta står overfor internt og eksternt.

Det treng ikkje vere nokon veldig detaljert gjennomgang der de går djupt ned i nokon konkrete saker. Målet for kontrollutvalet er å gjere seg kjent med organisasjonen, slik at dei har oversikt over denne og ser tema dei ved eit seinare høve kan ta opp til nærare ettersyn. Kontrollutvalet vil sikkert stille spørsmål undervegs, men venteleg innanfor det som de på ståande fot kan svare på.

Formelt er det rådmannen som er kalla inn til møtet, men han kan sende andre i sin stad. Vi forventar ikkje at det skal møte ein stor delegasjon frå helsestasjonen. Vi ser i utgangspunktet føre oss at kommunalsjefen eller leiar for eininga stiller, men dette er det, som sagt, rådmannen som avgjer. Vi ser elles føre oss at vedkomande først orienterer slik som skissert ovanfor og at vi etterpå har omvisning. Evt. kan det vere motsett rekkjefølgje. Vi ser elles føre oss at dette er første post på saklista, og at de kan møte omtrent kl. 09.10.

-Vi stadfester samstundes at vi har fått tildelt møterom «Biblioteket SMS-bygget frå kl. 09.00 – 13.00.

De må gjerne ta kontakt igjen om de har flere spørsmål om dette.

For kontrollutvalet

Agnes Tait

Asgeir Tveit



SEKON-sekretariat

Besondere für den gemeinsamen Gebrauch: Adressen, Umschläge, Briefe, Karten, Formulare, Zettel, etc.

Fra: Tveit Asgeir
Sendt: 6. juli 2012 10:09
Til: 'gry.ommedal@flora.kommune.no'

057/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 12.07.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	12.07.2012	057/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyre	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 36-12 Brev frå Sekom til Flora kommune om opne møte i kontrollutvalet, datert 27.06.12.
- SM 37-12 Vedtak bst sak 103/12 Godtgjersleregulativ for ombods- og tillitsvalde i Flora kommune.
- SM 38-12 Vedtak bst sak 093/12 KF Innvandrarsenteret i Flora – Årsrekneskap og årsmelding 2011.
- SM 39-12 Vedtak bst sak Flora kjøkkenservice KF – Årsmelding og årsrekneskap 2011.
- SM 40-12 Vedtak bst sak KF Havhesten Flora kommune – Årsmelding/årsrekneskap 2011.
- SM 41-12 Vedtak bst sak 096/12 Flora Hamn KF – Årsrekneskap og årsmelding 2011.
- SM 42-12 Vedtak bst sak 097/12 Rekneskap og årsmelding for Allhuset Eikefjord 2011.
- SM 43-12 Vedtak bst sak 106/12 Årsrekneskap og årsrapport 2011 – Flora kommune.
- SM 44-12 Vedtak bst sak 103/12 Godtgjersleregulativ for ombods- og tillitsvalde i Flora kommune.
- SM 45-12 Vedtak bst sak 089/12 Møte- og delegeringsreglement 2011 – 2015.
- SM 46-12 Selskapskontroll (eigarskapskontroll) Firda Billag AS.
- SM 47-12 Brev frå KRYSS revisjon til Flora kommune om Arbeidsretten sin dom, 15. mai 2008, Tolking av avlønning mv, datert 25.06.12.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

SM 36-12

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Flora kommune
Postboks 13
6901 FLORØ

Førde, 27.06.2012

Dykkar ref.:

Vår ref.: At

Jnr.: 318/12

Arkiv: Flora

OPNE MØTE KONTROLLUTVALET FLORA

Etter vedtak i bystyret i sak 089/12 «Møte- og delegeringsreglement 2011 – 2015» der bl.a. reglement for kontrollutvalet i Flora vart vedteke, vil møte i kontrollutvalet i Flora kommune i framtida gå for opne dører. Vi ber etter dette om at møte i kontrollutvalet i Flora vert annonserte på lik line med møta i dei andre utvala. Vi legg innkalling ut på vår heimeside same dag som innkalling vert sendt, og Flora kommune kan evt. knyte lenkje til denne om det er behov for det i samband med annonsering av møta. Lenkja vert sendt Flora kommune med innkallinga.

Vi ber elles om tilbakemelding, dersom det er rutinar kring annonsering av møta vi bør vere informerte om.

For kontrollutvalet



Asgeir Tveit



SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571



Saksgang	Møtedato	Saksnr
Bystyret	23.04.2012	043/12
Bystyret	07.06.2012	090/12
Bystyret	12.06.2012	103/12

Sakshandsamar:
Trond Ramstad Olsen

Arkiv: K1-082
Objekt:

Arkivsaknr
10/1974

GODTGJERSLEREGULATIV FOR OMBODS- OG TILLITSVALDE I FLORA KOMMUNE.

Kva saka gjeld:

Bystyret vedtok i sak 124/11 godtgjersle for folkevalde.

I pkt.8 i vedtaket vart det gjort vedtak om at det skulle leggest fram eit revidert og samla **reglement** for godtgjersle til folkvalde.

Det er no utarbeidd eit nytt godtgjersleregulativ, der vi har sett på Flora kommune sitt noverande regulativ, fylkeskommunen sitt og på erfaringar.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Nytt framlegg til Godtgjersleregulativ for ombods- og tillitsvalde i Flora kommune vert vedteke slik det ligg føre.

23.04.2012 BYSTYRET

Framlegg:

Framlegg frå Repr.Nina Liseth,H:

1. Saka vert utsett.
2. Saka vert handsama i Administrasjonsutvalet før den vert lagt fram for ny handsaming i bystyret.
3. Administrasjonsutvalet vert nytt a som arbeidsgruppe i arbeidet med detaljutforming av regulativet.

Røysting:

Framlegget frå Liseth vart samrøystes vedteke.

BYST-043/12 VEDTAK:

1. Saka vert utsett.
2. Saka vert handsama i Administrasjonsutvalet før den vert lagt fram for ny handsaming i bystyret.
3. Administrasjonsutvalet vert nytt a som arbeidsgruppe i arbeidet med detaljutforming av regulativet.

31.05.2012 ADMINISTRASJONSUTVALET

Røysting:

Utvalet gjorde samrøystes vedtak slik det går fram av revidert utkast frå ADMU av 31.05.2012.

ADMU-014/12 VEDTAK:

Slik det går fram av revidert utkast frå ADMU av 31.05.2012.

07.06.2012 BYSTYRET

BYST-090/12 VEDTAK:

Saka vart utsett til nytt bystyremøte 12.06.2012.

12.06.2012 BYSTYRET

Framlegg:

Framlegg frå Repr.Jan Henrik Nygård,V:

1. Som admu sitt vedtak av 31.05.12, utsendt med bystyrepapira. Med følgjande endringar:
 - 2.4 siste setning endres til: og skal dekke leing/deltaking i faste utval som naturleg ligg under faste hovudutval. Som AMU og UTBY.
2. Dei økonomiske konsekvensar for politisk arbeid vert å føre som eiga sak i ADMU i samband med utarbeiding av budsjett 2013.

AP ber om gruppemøte.

Framlegg frå Repr.Bente Nilsen Halvorsen,SV:

Endring 2.2 Varaordførar
Siste ledd: Stryke pkt.2.3

V ber om gruppemøte.

Røysting:

Det vart først røysta over framlegget frå Halvorsen,SV – dette fall mot 15 røyster.

Framlegget frå Nygård,V vart samrøystes vedteke.

Innspel frå repr.Frøyen Steindal, AP vedk. pkt.4.3 vert teke med vidare til ADMU.

BYST-103/12 VEDTAK:

1. Som admu sitt vedtak av 31.05.12, utsendt med bystyrepapira. Med følgjande endringar:
 - 2.4 siste setning endres til: og skal dekke leing/deltaking i faste utval som naturlig ligg under faste hovudutval. Som AMU og UTBY.
2. Dei økonomiske konsekvensar for politisk arbeid vert å føre som eiga sak i ADMU i samband med utarbeiding av budsjett 2013.

Innspel frå repr.Frøyen Steindal, AP vedk. pkt.4.3 vert teke med vidare til ADMU.

Terje Heggheim
rådmann

Prenta/uprenta vedlegg:

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
7	I	07.03.2012	SEKOM-sekretariat	Godtgjersle folkevalde Flora kommune	



Saksgang
Formannskapet
Bystyret

Møtedato
05.06.2012
12.06.2012

Saksnr
062/12
093/12

Sakshandsamar:
Ruth Svortevik Sunde

Arkiv: K1-210
Objekt:

Arkivsaknr
12/597

KF INNVANDRARSENTERET I FLORA - ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING 2011

Kva saka gjeld:

Rekneskapen for KF Innvandrarsenteret i Flora er avlagt og presentert i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk. Etter kommunelova §48 nr.3 og §5 i forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunale og fylkeskommunale føretak skal årsrekneskap, årsmelding og revisjonsberetning, etter innstilling frå formannskap vedtakast i bystyret. Vedtaket må angi bruk av overskot eller dekning av underskot.

Revisjonsrapportar skal leggst fram for kontrollutval. Kontrollutvalet tilrår i sak 35/12 at rekneskapen vert godkjend slik den ligg føre.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Flora bystyre fastset og godkjenner årsrekneskap og årsmelding for KF Innvandrarsenteret i Flora slik det ligg føre med eit rekneskapsmessig mindreforbruk(overskot) kr 1 776 549,67
2. Mindreforbruket vert overført som bidrag til Flora kommune

05.06.2012 FORMANNSKAPET

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

FORM-062/12 VEDTAK:

1. Flora bystyre fastset og godkjenner årsrekneskap og årsmelding for KF Innvandrarsenteret i Flora slik det ligg føre med eit rekneskapsmessig mindreforbruk(overskot) kr 1 776 549,67
2. Mindreforbruket vert overført som bidrag til Flora kommune

12.06.2012 BYSTYRET

Styreleiar Jan Helge Dale innleia før handsaming av saka.

Framlegg:

Framlegg frå Repr.Bente Nilsen Halvorsen,SV:

1. Rekneskap og årsmelding 2011 for KF Innvandrarsenteret i Flora blir godkjent slik det ligg føre.
2. Styret rår til at det rekneskapsmessige overskotet på kr.1 776 549,67 blir sett av som unytta overskot.

Røysting:

Pkt.1 i tilrådinga vart samrøystes vedteke.

Pkt.2 i tilrådinga vart sett opp mot framlegget frå Halvorsen.

Halvorsen sitt framlegg fall mot 13 røyster.

BYST-093/12 VEDTAK:

1. Flora bystyre fastset og godkjenner årsrekneskap og årsmelding for KF Innvandrarsenteret i Flora slik det ligg føre med eit rekneskapsmessig mindreforbruk(overskot) kr 1 776 549,67
2. Mindreforbruket vert overført som bidrag til Flora kommune

Terje Heggheim
rådmann

Ruth Svortevik Sunde
rekneskapsjef

Innleiing:

Det ligg føre rekneskap og årsmelding for KF Innvandrarsenteret i Flora pr 31.12.11. Revisor har lagt fram revisjonsberetning av 15. mars 2012. Kontrollutvalet tilrår i sak 35/12 at rekneskapen kan godkjennast slik den ligg føre.

Vurdering:

Styret har i sak 03/12 gjort slikt vedtak om årsrekneskap og årsmelding 2011:

1. Rekneskap og årsmelding 2011 for KF Innvandrarsenteret i Flora blir godkjent slik det ligg føre.
2. Styret rår til at det rekneskapsmessige overskotet på kr 1 776 549,67 blir sett av som unytta overskot.
3. Rekneskap og årsmelding blir oversendt kontrollutval, formannskap og bystyre for endeleg godkjenning.

Rekneskapen viser eit netto driftsresultat kr 2 481 694,67. Etter at det er overført kr 20 145,- til investeringsrekneskapen og avsett kr 685 000,- til bunde fond viser rekneskapen eit rekneskapsmessig mindreforbruk(overskot) på kr 1 776 549,67 som er tillagd eigenkapitalen.

Rekneskapen viser då eit akkumulert rekneskapsmessig mindreforbruk(overskot) på kr 1 938 424,17.

Rådmannen tilrår at årets rekneskapsmessige mindreforbruk vert overført som bidrag til Flora kommune

Økonomiske konsekvensar:**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:****Prenta/uprenta vedlegg:**

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
1	U	22.02.2012	Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord	Erklæring - KF Innvandrarsenteret i Flora sitt årsrekneskap for 2011	
2	I	15.03.2012	Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord	Revisjonsberetning - Uttale om årsrekneskapen, KF Innvandrarsenteret	
3	I	20.03.2012	Melvær Arild	Styrevedtak og underskriven årsmelding 2011	



Saksgang
Formannskapet
Bystyret

Møtedato
05.06.2012
12.06.2012

Saksnr
063/12
094/12

Sakshandsamar:
Ruth Svortevik Sunde

Arkiv: K1-212, K2-F26 **Arkivsaknr**
Objekt: 10/436

FLORA KJØKKENSERVICE KF - ÅRSMELDING OG ÅRSREKNESKAP 2011

Kva saka gjeld:

Rekneskapen for Flora kjøkkenservice KF er avlagd og presentert i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk. Etter kommunelova §48 nr. 3 og §5 i forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunale og fylkeskommunale foretak skal årsrekneskap, årsmelding og revisjonsberetning, etter innstilling frå formannskap vedtakast av bystyret. Vedtaket må angi bruk av årsoverskot eller dekning av årunderskot.

Revisjonsrapportar skal leggst fram for kontrollutvalet. Kontrollutvalet viser i sak 037/2012 til revisjonsmelding datert 27.03.2012 og har ikkje merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Flora bystyre fastset og godkjenner årsrekneskap og årsmelding for Flora Kjøkkenservice KF slik den ligg føre
2. Overføring frå drift til investeringsrekneskapen kr 91 521,92 vert godkjent
3. Akkumulert udekka i investeringsrekneskapen kr 438 193,53 vert budsjettert og dekket i Flora Kjøkkenservice sitt rekneskap for 2012

05.06.2012 FORMANNSKAPET

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

FORM-063/12 VEDTAK:

1. Flora bystyre fastset og godkjenner årsrekneskap og årsmelding for Flora Kjøkkenservice KF slik den ligg føre
2. Overføring frå drift til investeringsrekneskapen kr 91 521,92 vert godkjent
3. Akkumulert udekka i investeringsrekneskapen kr 438 193,53 vert budsjettert og dekket i Flora Kjøkkenservice sitt rekneskap for 2012

12.06.2012 BYSTYRET

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

BYST-094/12 VEDTAK:

1. Flora bystyre fastset og godkjenner årsrekneskap og årsmelding for Flora Kjøkkenservice KF slik den ligg føre
2. Overføring frå drift til investeringsrekneskapen kr 91 521,92 vert godkjent
3. Akkumulert udekka i investeringsrekneskapen kr 438 193,53 vert budsjetttert og dekket i Flora Kjøkkenservice sitt rekneskap for 2012

Terje Heggheim
rådmann

Ruth Svortevik Sunde
rekneskapsjef

Innleiing:

Det ligg føre rekneskap og årsmelding for Flora Kjøkkenservice KF pr 31.12.2011. Revisor har lagt fram revisjonsberetning av 27.03.2012. Kontrollutvalet har gjeve si tilråding i sak 037/12

Vurdering:

Rekneskapen for 2011 viser eit netto driftsresultat på kr 91 521,92 mot budsjettert kr 30 000. Kr 91 521,92 er overført investeringsrekneskapen. Meirforbruket i investeringsrekneskapen utgjer for 2011 kr 297 599,60. Denne summen må budsjetterast og dekkast av Flora kjøkkenservice KF sitt rekneskap i 2012.

Akkumulert udekka i investeringsrekneskapen utgjer pr 31.12.2011 kr 438 193,53 som vert å budsjettere og dekke av drifta av Flora Kjøkkenservice KF i 2012

Økonomiske konsekvensar:**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:****Prenta/uprenta vedlegg:**

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
1	U	23.02.2010	Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord	Erklæring - Flora kjøkkenservice KF sitt rekneskap for 2009	
2	I	06.04.2010	Kryssrevisjon	Revisjonsberetning for Flora Kjøkkenservice KF 2009	
4	U	18.02.2011	Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord	Erklæring - Flora kjøkkenservice sitt rekneskap for 2010	
5	I	28.04.2011	SEKOM-sekretariat	040/11 Årsrekneskapen 2010 - Flora Kjøkkenservice	
7	U	29.02.2012	Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord	Erklæring - Flora kjøkkenservice KF sitt rekneskap for 2011	
8	I	27.03.2012	Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord	Revisjonsberetning, Flora kjøkkenservice KF 2011	



Saksgang
Formannskapet
Bystyret

Møtedato
05.06.2012
12.06.2012

Saksnr
061/12
095/12

Sakshandsamar:
Ruth Svortevik Sunde

Arkiv: K1-210
Objekt:

Arkivsaknr
10/398

KF HAVHESTEN FLORA KOMMUNE - ÅRSMELDING/ÅRSREKNESKAP 2011

Kva saka gjeld:

Rekneskap for Havhesten Flora kommune KF er avlagt og presentert i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk. Etter kommunelova § 48 nr 3, og §5 i forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunale og fylkeskommunale føretak skal årsrekneskapen, årsmelding og revisjonsberetning etter innstilling frå formannskapet vedtakast av bystyret. Vedtaket må angi bruk av overskot eller dekning av underskot.

Revisjonsrapport skal leggst fram for kontrollutvalet. Kontrollutvalet har i sak 045/12 handsama saka og viser til revisjonsmelding datert 16.04.2012 og har ikkje merknader til at rekneskapen vert godkjent slik den ligg føre.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Flora bystyre fastset og godkjenner årsrekneskap og årsmelding for Havhesten Flora kommune KF slik den ligg føre
2. Overføring frå driftsrekneskapen til investeringsrekneskapen kr 173 074,69 vert godkjent.
3. Akkumulert udekka i investeringsrekneskapen kr 291 678,10 vert finansiert med låneopptak. Kf'et skal sjølv dekke kapitalkostander

05.06.2012 FORMANNSKAPET

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

FORM-061/12 VEDTAK:

1. Flora bystyre fastset og godkjenner årsrekneskap og årsmelding for Havhesten Flora kommune KF slik den ligg føre
2. Overføring frå driftsrekneskapen til investeringsrekneskapen kr 173 074,69 vert godkjent.
3. Akkumulert udekka i investeringsrekneskapen kr 291 678,10 vert finansiert med låneopptak. Kf'et skal sjølv dekke kapitalkostander

12.06.2012 BYSTYRET

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

BYST-095/12 VEDTAK:

1. Flora bystyre fastset og godkjenner årsrekneskap og årsmelding for Havhesten Flora kommune KF slik den ligg føre
2. Overføring frå driftsrekneskapen til investeringsrekneskapen kr 173 074,69 vert godkjent.
3. Akkumulert udekka i investeringsrekneskapen kr 291 678,10 vert finansiert med låneopptak. Kfet skal sjølv dekke kapitalkostander

Terje Heggheim
rådmann

Ruth Svortevik Sunde
rekneskapsjef

Innleiing:

Det ligg føre rekneskap og årsmelding for Havhesten Flora kommune KF pr. 31.12.11. Revisor har lagt fram revisjonsberetning av 16. april 2012. Kontrollutvalet har gjeve si tilråding i sak 045/12.

Styret for Havhesten Flora kommune KF har i sak 27/12 gjort slikt vedtak:

"Styret godkjenner rekneskapen for 2011 og ber samstundes om låneopptak på kr 291 678,10 då dette er knytt til investering i 2011. Styret tek revisjonsberetninga til etterretning."

Vurdering/Økonomiske konsekvensar:

Rekneskapen for 2011 viser eit netto driftsresultat på kr 173 074,69 som er overført til investeringsrekneskapen. Det er investert for 0,448 mill kr i 2011. Investeringsrekneskapen er gjort opp med eit udekket beløp på kr 274 846,81.

Akkumulert udekket i investeringsrekneskapen er kr 291 678,10. Styret gjer framlegg om at summen skal lånefinansierast.

Etter forskrift om særbudsjett, særrekneskap og årsberetning for kommunale føretak skal "alle forventede inntekter, innbetalinger og bruk av avsetningar samt utgifter, utbetalningar og avsetningar i året tas med uavhengig av om de kan påregnes å være betalt eller ikkje ved årets utgang". Pr 31.12.11 hadde KF'et eit varelager av is, mat, drikke, baderekvisita og badetøy til innkjøpspris kr 153 355,-.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:**Prenta/uprenta vedlegg:**

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
1	U	18.02.2010	Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord	ERKLÆRING - KF HAVHESTEN FLORA KOMMUNE SITT REKNESKAP FOR 2009	
2	I	25.03.2010	Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord	Revisjonsberetning for Havhesten Flora kommune KF 2009	
3	I	06.05.2010	Kontrollutvalet	Kontrollutvalet - Årsrekneskapen 2009 KF Havhesten Flora kommune	
5	U	21.02.2011	Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord	ERKLÆRING - KF HAVHESTEN FLORA KOMMUNE SITT REKNESKAP FOR 2010	
6	I	05.04.2011	Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord	Revisjonsberetning - Uttale om årsrekneskapen KF Havhesten	
8	I	21.05.2011	SEKOM-sekretariat	Kontrollutvalsak 046/11 Årsrekneskapen 2010 - Havhesten Flora kommune KF	
9	U	24.02.2012	Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord	ERKLÆRING - KF HAVHESTEN FLORA KOMMUNE SITT REKNESKAP FOR 2011	
10	I	16.04.2012	Kommunerevisjonen	Revisjonsberetning, Havhesten	

12	I	23.05.2012	Ytre Sogn og Sunnfjord SEKOM-sekretariat	Flora kommune KF 2011 045/12 Årsrekneskapen 2011 - KF Havhesten Flora kommune
----	---	------------	---	---



Saksgang
Formannskapet
Bystyret

Møtedato
05.06.2012
12.06.2012

Saksnr
060/12
096/12

Sakshandsamar:
Ruth Svortevik Sunde

Arkiv: K1-210
Objekt:

Arkivsaknr
10/397

FLORA HAMN KF - ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING 2011

Kva saka gjeld:

Årsmelding og rekneskap 2011 for Flora Hamn KF er avlagt og presentert i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk. Etter kommunelova §48 nr. 3 og §5 i forskrift om årsbudsjett, årsrekneskap og årsberetning for kommunale og fylkeskommunale føretak skal årsrekneskap, årsmelding og revisjonsberetning etter innstilling frå formannskap vedtakast av bystyret. Vedtaket må angi bruk av årsoverskot eller dekning av årsunderskot

Revisjonsrapport skal leggst fram for kontrollutvalet. Kontrollutvalet viser i sak 044/12 til revisjonsmelding datert 18.05.2012 og vurderer det slik at med atterhaldet og presiseringa til revisor kan rekneskapen godkjennast slik han ligg føre.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Flora bystyre fastset og godkjenner årsmelding og årsrekneskap for Flora hamn KF for 2011 slik den ligg føre med eit samla rekneskapsmessig mindreforbruk(overskot) kr 3 407 421,65 som er tillagd eigenkapitalen. Akkumulert rekneskapsmessig mindreforbruk utgjør kr 10 253 963,81.
2. Kr 330 000,00 avsett til disposisjonsfond, kr 1 077,00 avsett til bunde fond og kr 415 346,70 overført til investeringsrekneskapen vert godkjent
3. Prosjekt 30 Lagerbygg kai Botnastranda kr 373 491,20 vert finansiert ved omdisponering av lånemidler frå prosjekt 16 Kai Botnastranda
4. Prosjekt 37 Kai Botnaneset fase II kr 1 000 000,00 vert finansiert ved omdisponering av lånemidler frå prosjekt 26 Kjøp av areal

05.06.2012 FORMANNSKAPET

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

FORM-060/12 VEDTAK:

1. Flora bystyre fastset og godkjenner årsmelding og årsrekneskap for Flora hamn KF for 2011 slik den ligg føre med eit samla rekneskapsmessig mindreforbruk(overskot) kr 3 407 421,65 som er tillagd eigenkapitalen. Akkumulert rekneskapsmessig mindreforbruk utgjer kr 10 253 963,81.
2. Kr 330 000,00 avsett til disposisjonsfond, kr 1 077,00 avsett til bunde fond og kr 415 346,70 overført til investeringsrekneskapen vert godkjent
3. Prosjekt 30 Lagerbygg kai Botnastranda kr 373 491,20 vert finansiert ved omdisponering av lånemidlar frå prosjekt 16 Kai Botnastranda
4. Prosjekt 37 Kai Botnaneset fase II kr 1 000 000,00 vert finansiert ved omdisponering av lånemidlar frå prosjekt 26 Kjøp av areal

12.06.2012 BYSTYRET

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

BYST-096/12 VEDTAK:

1. Flora bystyre fastset og godkjenner årsmelding og årsrekneskap for Flora hamn KF for 2011 slik den ligg føre med eit samla rekneskapsmessig mindreforbruk(overskot) kr 3 407 421,65 som er tillagd eigenkapitalen. Akkumulert rekneskapsmessig mindreforbruk utgjer kr 10 253 963,81.
2. Kr 330 000,00 avsett til disposisjonsfond, kr 1 077,00 avsett til bunde fond og kr 415 346,70 overført til investeringsrekneskapen vert godkjent
3. Prosjekt 30 Lagerbygg kai Botnastranda kr 373 491,20 vert finansiert ved omdisponering av lånemidlar frå prosjekt 16 Kai Botnastranda
4. Prosjekt 37 Kai Botnaneset fase II kr 1 000 000,00 vert finansiert ved omdisponering av lånemidlar frå prosjekt 26 Kjøp av areal

Terje Heggheim
rådmann

Ruth Svortevik Sunde
rekneskapsjef

Innleiing:

Det ligg føre rekneskap og årsmelding frå Flora hamn KF pr. 31.12.11

Revisor har lagt fram revisjonsberetning av 18.05.2012 med eit forbehold og ei presisering.

Kontrollutvalet sin uttale til bystyret i sak 044/12: "Kontrollutvalet viser til revisjonsmeding datert 18.05.2012. Med atterhaldet og presiseringa til revisor vurderer kontrollutvalet det slik at rekneskapen kan godkjennast slik han ligg føre"

Styret i Flora hamn KF har i sak 027/12 gjort slik vedtak:

Styret i Flora Hamn KF ynskjer eit møte med Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord, før endeleg vedtak av rekneskap for 2011 vert gjort.

Nytt forslag til vedtak om rekneskap for 2011 Flora Hamn KF etter ny revisjonsberetning datert 18.05.2012

- 1 Styret i Flora Hamn KF godkjenner og tilrår at Bystyret godkjenner årsmelding og årsrekneskap 2011 for Flora hamn KF slik det ligg føre med eit samla rekneskap messig mindreforbruk (overskot) på kr 3 407 421,65 som er tillagt egenkapitalen.
2. Kr 330 000,- avsett til disposisjonsfond og kr 1 077 avsett til bunde fond, vert godkjent.
3. I investeringsrekneskapen er det brukt av lån kr 14 054 814,-, overført kr 415 346,- frå driftsrekneskapen og nytta om lag kr 2,6 mill. av egenkapital.
4. Krav frå Flora Kommune på kr 1 300 000,- vart motteke februar 2012, slik at budsjettendring ikkje kunne utførast i rekneskapssystemet, då dette var lukka for justering på dette tidspunkt.
Sum utgifter lagerbygg i tilknytning til kai på Botnastranda kr 373 491,20 (300 000 + 73.491,20) vert finansiert med bruk av unytta lån, tatt opp ved bygging av ny kai på Botnastranda og har dekning under godkjent budsjett og finansieringsplan for kai-prosjektet på Botnastranda .
Sum utgifter kr 1 000 000,- kai Botnastranda fase 2 vert finansiert med bruk av lån og vert dekket av vedteke budsjett for 2011 kjøp av areal, med kr 16 000 000
5. I samsvar med BYST 046-11, HSTY 072-11 og vedtak FORM 015/12 om steinmasse på nordsida av Trolleskeret i Gunhildvågen vert krav på Flora kommune kr 2 285 713 rekneskapsført i 2012, då endeleg vedtak vart gjort i 2012. Overtaking av området vert finansiert med bruk av tidligere års overskot.

Vurdering:

Regnskapet viser eit netto driftsresultat på 4,154 mill kr som er 3,1 mill kr betre enn revidert budsjett. I samsvar med budsjett er det avsett 0,33 mill kr til disposisjonsfond og kr 1 077,- til bunde fond. Det er overført 0,415 mill kr til investeringsrekneskapen. Driftsregnskapet viser eit regnskapsmessig mindreforbruk (overskot) på 3,407 mill kr som er tillagt egenkapitalen.

Lånegjeld har auka med 14,955 mill kr.

Investeringsregnskapet viser at det i 2011 samla er investert for 32,904 mill. kr.

Investeringsinntektene utgjer 16,633 mill. kr herav 15,8 mill. kr overført frå stat som INU-midler. Bruk av lån i 2011 er 14 054 mill. kr.

Akkumulert regnskapsmessig mindreforbruk (overskot) utgjer pr. 31.12. 2011 10.254 mill.kr og udisponert i investeringsregnskapet 0,833 mill.kr.

Revisor har komme med eitt forbehold om krav frå Flora kommune 1,3 mill kr. Hamnestyret rår til at 1 mill kr vert omdisponert av unytta godkjente lånemidlar 2011 til kjøp av areal og 0,373 mill kr vert finansiert ved bruk av unytta lånemidlar ved bygging av ny kai på Botnastrand.

Økonomiske konsekvensar:

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Prenta/uprenta vedlegg:

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
1	U	18.02.2010	Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord	ERKLÆRING FLORA HAMN KF REGNSKAP 2009	
2	I	27.04.2010	Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord	Revisjonsberetning Flora Hamn KF 2009	
3	I	19.05.2010	Sekom v/Asgeir Tveit	028/10 Årsrekneskapen 2009 Flora Hamn KF	
5	U	01.03.2011	Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord	ERKLÆRING REKNESKAP 2010 FLORA HAMN KS	
7	I	04.04.2011	Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord	Revisjonsberetning - Uttale om årsrekneskapen Flora Hamn KF	
6	I	14.04.2011	Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord	Årsrekneskapen for Flora Hamn KF 2010	
8	I	28.04.2011	SEKOM-sekretariat	041/11 Årsrekneskapen 2010 - Flora Hamn KF	
10	U	02.03.2012	Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord	ERKLÆRING REKNESKAP 2011 FLORA HAMN KF	
11	I	17.04.2012	Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord	Revisjonsberetning 2011, Årsrekneskapen for Flora Hamn KF 31.12.2011	
12	I	18.05.2012	Kommunerevisjonen Ytre Sogn og Sunnfjord	Attendekalling av revisjonsberetning - Revisjonsberetning av 17.04.12, Flora Hamn KF	
14	I	23.05.2012	SEKOM-sekretariat	044/12 - Årsrekneskapen 2011 - Flora Hamn KF	



Saksgang
Formannskapet
Bystyret

Møtedato
05.06.2012
12.06.2012

Saksnr
064/12
097/12

Sakshandsamar:
Ruth Svortevik Sunde

Arkiv: K1-210, K2-H30 **Arkivsaknr**
Objekt: 10/385

REKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR ALLHUSET EIKEFJORD 2011

Kva saka gjeld:

Rekneskapen for Allhuset Eikefjord er avlagt og presentert i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk. Etter kommunelova §48 nr.3 og etter §5 i forskrift om årsbudsjet, årsrekneskap og årsberetning for kommunale og fylkeskommunale føretak skal årsrekneskap, årsmelding og revisjonsberetning etter innstilling frå formannskap vedtakast i bystyret. Vedtaket må angi bruk av overskot eller dekning av underskot.

Revisjonsrapportar skal leggst fram for kontrollutval. Kontrollutvalet har i sak 036/12 gjeve fråsegn til Bystyret: "Kontrollutvalet vurderer det slik at rekneskapen kan godkjennast slik han ligg føre".

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Flora bystyre fastset og godkjenner årsrekneskap og årsmelding for Allhuset Eikefjord slik den ligg føre med eitt rekneskapsmessig meirforbruk(underskot) kr 7 114,45. Kr 5 277,60 er dekket av tidlegare års rekneskapsmessig mindreforbruk. Årets rekneskapsmessige meirforbruk kr 1 836,85 vert dekket av Allhuset Eikefjord sitt rekneskap for 2012

05.06.2012 FORMANNSKAPET

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

FORM-064/12 VEDTAK:

Flora bystyre fastset og godkjenner årsrekneskap og årsmelding for Allhuset Eikefjord slik den ligg føre med eitt rekneskapsmessig meirforbruk(underskot) kr 7 114,45. Kr 5 277,60 er dekket av tidlegare års rekneskapsmessig mindreforbruk. Årets rekneskapsmessige meirforbruk kr 1 836,85 vert dekket av Allhuset Eikefjord sitt rekneskap for 2012

12.06.2012 BYSTYRET

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

BYST-097/12 VEDTAK:

Flora bystyre fastset og godkjenner årsrekneskap og årsmelding for Allhuset Eikefjord slik den ligg føre med eitt rekneskapsmessig meirforbruk(underskot) kr 7 114,45. Kr 5 277,60 er dekkja av tidlegare års rekneskapsmessig mindreforbruk.

Årets rekneskapsmessige meirforbruk kr 1 836,85 vert dekkja av Allhuset Eikefjord sitt rekneskap for 2012

Terje Heggheim
rådmann

Ruth Svortevik Sunde
rekneskapsjef

Innleiing:

Det ligg føre rekneskap og årsmelding for Allhuset Eikefjord som er eit driftsselskap for bygget Allhuset. Styret har godkjendt rekneskapen og årsmelding i sak 05/2012.

Revisor har lagt fram revisjonsberetning av 11.04.2012 der det kjem til uttrykk at årsrekneskapen er avlagt i samsvar med lov og forskrifter og gjev eit uttrykk for Allhuset si økonomiske stilling pr 31.12.2011 og at årsmelding er konsistente med særrekneskapen.

Negativt netto driftsresultat i 2011, kr 7 114,45 er delvis dekket av tidlegare års mindreforbruk med kr 5 277,60. Kr 1 836,85 vert føreslått dekket av Allhuset Eikefjord i 2012,

Vurdering:**Økonomiske konsekvensar:****Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:****Prenta/uprenta vedlegg:**

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
1	U	17.02.2010	Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord	Erklæring - Allhuset Eikefjord sitt rekneskap for 2009	
2	I	10.03.2010	Kryssrevisjon	Revisjonsberetning Allhuset Eikefjord 2009	
3	I	26.03.2010	Sekom-sekretariat v/Vidar Øvrebø	016/10 Årsrekneskapen 2009 - Allhuset i Eikefjord	
5	U	08.04.2011	Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord	Rekneskap for Allhuset Eikefjord 2010	
6	I	27.04.2011	Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord	Revisjonsberetning - Uttale om årsrekneskapen	
8	I	21.05.2011	SEKOM-sekretariat	Kontrollutvalsak 47/11 Årsrekneskapen 2010 - Allhuset i Eikefjord	
9	U	20.02.2012	Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord	Erklæring - Rekneskap for Allhuset Eikefjord 2011	
10	I	09.03.2012	Randi Holsen Solheim	Styrevedtak Allhusstyret-Rekneskap 2011	
11	I	11.04.2012	Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord	Revisjonsberetning Allhuset Eikefjord 2011	



Saksgang
Formannskapet
Bystyret

Møtedato
05.06.2012
12.06.2012

Saksnr
065/12
106/12

Sakshandsamar:
Linda Nipen Asphjell

Arkiv: K1-210
Objekt:

Arkivsaknr
12/442

ÅRSREKNESKAP OG ÅRSRAPPORT 2011- FLORA KOMMUNE

Kva saka gjeld:

Årsrapporten er saman med årsrekneskapen et av dei viktigaste styringsdokumenta både i høve til kommunen som organisasjon og som tenesteytar. Rekneskapen for Flora kommune er avlagt og presentert i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk. Etter kommunelova § 48 nr 3 skal årsrekneskapen, etter innstilling frå formannskap, vedtakast i bystyret. Revisjonsrapportar skal leggst fram for kontrollutval. Rekneskap og årsrapport vert difor lagt fram for handsaming i formannskap og bystyret. Kontrollutvalet tilrår i sak 046/12 at rekneskapen, med revisor sine presiseringar vert godkjend slik den ligg føre. Uttale frå Kontrollutvalet om årsrekneskapen 2011 for Flora kommune ligg ved.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Flora bystyre godkjenner årsrapporten for 2011.
2. Flora bystyre fastsett og godkjenner årsrekneskapen for 2011 med dei avvik som er mellom budsjett og rekneskap både på inntektssida og utgiftssida.
3. Flora bystyre vedtar ei inndekking på kr 2 353 318,41 av tidlegare års underskot.
4. Flora bystyre tek kontrollutvalet sin uttale til vitande.

05.06.2012 FORMANNSKAPET

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

FORM-065/12 VEDTAK:

1. Flora bystyre godkjenner årsrapporten for 2011.
2. Flora bystyre fastsett og godkjenner årsrekneskapen for 2011 med dei avvik som er mellom budsjett og rekneskap både på inntektssida og utgiftssida.
3. Flora bystyre vedtar ei inndekking på kr 2 353 318,41 av tidlegare års underskot.
4. Flora bystyre tek kontrollutvalet sin uttale til vitande.

12.06.2012 BYSTYRET

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

BYST-106/12 VEDTAK:

1. Flora bystyre godkjenner årsrapporten for 2011.
2. Flora bystyre fastsett og godkjenner årsrekneskapen for 2011 med dei avvik som er mellom budsjett og rekneskap både på inntektssida og utgiftssida.
3. Flora bystyre vedtar ei inndekking på kr 2 353 318,41 av tidlegare års underskot.
4. Flora bystyre tek kontrollutvalet sin uttale til vitande.

Terje Heggheim
rådmann

Linda Nipen Asphjell
kommunalsjef økonomi

Innleiing:

Det ligg føre årsrapport og årsrekneskap for Flora kommune for 2011. Årsrapporten inngår i det samla plan- og styringssystemet, og er et viktig styringsdokument for å sjå om ein har nådd dei måla som vart sette i budsjett- og handlingsprogrammet, årsak til avvik og eventuelt grunnlag for justering ved neste budsjett- og handlingsprogram. Et slikt dynamisk plansystem gjer det mogleg å tilpasse tenesteproduksjonen i kvalitet og kvantitet i høve til endringar i rammevilkår og behov. Årsrapport 2011 korresponderer såleis med budsjett- og handlingsprogram for 2011. Årsrapporten vart sendt ut til formannskap og bystyre i samband med bystyremøte den 23.4.12. Etter reglane fastsett i kommunelova og forskrifter skal årsrekneskapen etter innstilling frå formannskapet vedtakast i bystyret. Revisjonsrapporten skal leggst fram for kontrollutval, som handsamar rekneskap og årsrapport, og gjev ei uttale til formannskap og bystyre. Årsrekneskap 2011 inneheld revisjonsberetning av 20.04.12, erklæring, hovudoversikter og noteopplysningar. Kontrollutvalet har gjeve uttale i sak 046/12.

Vurdering:

Hovudkonklusjonane i årsrapporten kan uttrykkast slik:

- Årsresultatet kom ut med et overskot i drift på 2,353 mill kr. Overskotet er ført til inndecking av akkumulert underskot frå tidlegare år. Driftsrekneskapen går såleis i balanse i 2010, men det gjenstår å dekke 15,951 mill kr av akkumulert underskot
- Kostnader ved lån slår negativt ut – og er på kort og lang sikt ei av dei verkeleg store risikoelementa for Flora kommune
- Flora kommune sin økonomi er sårbar i fleire år framover

Hovudpunkt i årsrekneskapen er:

- Driftsrekneskapen er gjort opp med et brutto driftsresultat på 33,888 mill kr mot budsjettert 33,146 mill kr, og et netto driftsresultat på 11,712 mill kr mot budsjettert 7,821 mill kr
- Det er brukt bundne fondsmidler i driftsrekneskapen med 3,059 mill kr. Det er overført 6,584 mill kr til investeringsføremål, og avsett 5,834 mill kr til bundne driftsfond
- Driftsrekneskapen viser et resultat i balanse i 2011, men resterande akkumulert underskot frå tidlegare år på 15,951 mill kr
- Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse i 2011
- Tidlegare års underskot i investeringsrekneskapen på 2,043 mill kr er dekt inn i 2011. Heile beløpet var knytt til udekt eigenkapitalinnskot i KLP.
- Investeringsutgiftene utgjør 82,103 mill kr og inntektene 11,66 mill kr
- Bokført brutto lånegjeld er redusert med 13 mill kr frå 998 mill kr pr 31.12.2010 til 985 mill kr pr 31.12.2011. Reduksjonen kom som ein effekt etter nedbetaling av lånegjeld knytt til unytta lånemidler frå VAR-sektoren på 81,58 mill kr.

Revisor har kome med 3 presiseringar i si revisjonsberetning:

Revisor sin første presisering gjeld ein post som har lagt på memoria i balanserekneskapen sidan 1999/2002:

”Under memoriapostane i balanserekneskapen går det fram at det ved årsskiftet står til rest 1,55 mill. kr. av tidlegare års lån av sjølvkostfond kloakk. Dette er innarbeidd i investeringsbudsjettet for 2012. 1 mill kr av opprinnelege lån (2,55 mill. kr.) av sjølvkostfondet er dekkja over driftsrekneskapen i 2011; jfr. merknad til årsrekneskapen for 2010; og Note 11 i rekneskapen for 2011. Vi viser til 'Note 18' i rekneskapen for det som gjeld sjølvkostområda i kommunen. Vi gjer merksam på at i 2011 har rutinane kring etterkalkulasjon på sjølvkostområdet vore underlagt særskild kontroll gjennom ein bestilt forvaltningsrevisjon får Kontrollutvalet si side. Rapport kring dette vil ligge føre i mai 2012.”

Som revisor skriv er 1,55 mill kr innarbeidd i budsjett 2012. Denne saka er frå rekneskapsåra 1999/2002 og vart første gong påpeika av revisor knytt til årsrekneskapen for 2009, etter at administrasjonen tok tak i saka.

Den andre presiseringa frå revisor gjeld avvik mellom budsjetterte inntekter og utgifter og rekneskapsførte inntekter og utgifter:

"Vi viser til utskriftene av drifts- og investeringsrekneskapen der det på einskilte tenester/prosjekt er registrert forholdsvis store avvik mellom rekneskap og budsjett. Vi minner i den samanheng om kommunelova §§ 46 og 47 sine krav til regulering av budsjettet føresetnadene endrar seg."

Avvik mellom budsjett og rekneskap er kommentert i årsrapporten kap 5.6 – 5.8. Viser også til rekneskapsnote 20 Økonomisk oversikt drift pr. teneste.

Den siste presiseringa frå revisor omhandlar akkumulert underskot i driftsrekneskapen:

"Det er dekt inn 2,353 mill. kr. Av akkumulert underskot. Dett er stort sett i samsvar med regulert budsjett. Opprinneleg budsjett for 2011 hadde i seg ei inndecking av underskot på 15,936 mill. kr. Pr. 31.12.2011 utgjier rest udekka akkumulert underskot kr. 15 950 806,90."

Det vart dekt inn kr 57 318,41 meir enn budsjettert inndecking av tidlegare års underskot. Ved inngangen av 2012 står det igjen å dekke inn kr 15 950 806,90, noko som er innarbeidd i vedteke og godkjent økonomiplan.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Lov om kommuner og fylkeskommuner

Forskrift om årsrekneskap og årsberetning (for kommune og fylkeskommuner)

Forskrift om årsbudsjett (for kommuner og fylkeskommuner)

KRS – Kommunale rekneskapsstandardar

Prenta/uprenta vedlegg:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
SEKOM-sekretariatet

Innsending av rekneskap 2011
Kontrollutvalet si fråsegn til
årsrekneskapen 2011 for Flora
kommune, sak 046/12
Revisjonsberetning Flora kommune
2011

Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord

Erklæring – Flora kommune sin årsrekneskap 2011
Årsrekneskap 2011 Flora kommune

SM 44-12



FLORA
KOMMUNE

Saksgang	Møtedato	Saksnr
Bystyret	23.04.2012	043/12
Bystyret	07.06.2012	090/12
Bystyret	12.06.2012	103/12

Sakshandsamar:
Trond Ramstad Olsen

Arkiv: K1-082
Objekt:

Arkivsaknr
10/1974

GODTGJERSLEREGULATIV FOR OMBODS- OG TILLITSVALDE I FLORA KOMMUNE.

Kva saka gjeld:

Bystyret vedtok i sak 124/11 godtgjersle for folkevalde.

I pkt.8 i vedtaket vart det gjort vedtak om at det skulle leggst fram eit revidert og samla **reglement** for godtgjersle til folkvalde.

Det er no utarbeidd eit nytt godtgjersleregulativ, der vi har sett på Flora kommune sitt noverande regulativ, fylkeskommunen sitt og på erfaringar.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Nytt framlegg til Godtgjersleregulativ for ombods- og tillitsvalde i Flora kommune vert vedteke slik det ligg føre.

23.04.2012 BYSTYRET

Framlegg:

Framlegg frå Repr.Nina Liseth,H:

1. Saka vert utsett.
2. Saka vert handsama i Administrasjonsutvalet før den vert lagt fram for ny handsaming i bystyret.
3. Administrasjonsutvalet vert nytt a som arbeidsgruppe i arbeidet med detaljforming av regulativet.

Røysting:

Framlegget frå Liseth vart samrøystes vedteke.

BYST-043/12 VEDTAK:

1. Saka vert utsett.
2. Saka vert handsama i Administrasjonsutvalet før den vert lagt fram for ny handsaming i bystyret.
3. Administrasjonsutvalet vert nytt a som arbeidsgruppe i arbeidet med detaljforming av regulativet.

31.05.2012 ADMINISTRASJONSUTVALET

Røysting:

Utvalet gjorde samrøystes vedtak slik det går fram av revidert utkast frå ADMU av 31.05.2012.

ADMU-014/12 VEDTAK:

Slik det går fram av revidert utkast frå ADMU av 31.05.2012.

07.06.2012 BYSTYRET

BYST-090/12 VEDTAK:

Saka vart utsett til nytt bystyremøte 12.06.2012.

12.06.2012 BYSTYRET

Framlegg:

Framlegg frå Repr.Jan Henrik Nygård,V:

1. Som admu sitt vedtak av 31.05.12, utsendt med bystyrepapira. Med følgjande endringar:
 - 2.4 siste setning endres til: og skal dekke leining/deltaking i faste utval som naturleg ligg under faste hovudutval. Som AMU og UTBY.
2. Dei økonomiske konsekvensar for politisk arbeid vert å føre som eiga sak i ADMU i samband med utarbeiding av budsjett 2013.

AP ber om gruppemøte.

Framlegg frå Repr.Bente Nilsen Halvorsen,SV:

Endring 2.2 Varaordfører
Siste ledd: Stryke pkt.2.3

V ber om gruppemøte.

Røysting:

Det vart først røysta over framlegget frå Halvorsen,SV – dette fall mot 15 røyster.

Framlegget frå Nygård,V vart samrøystes vedteke.

Innspeil frå repr.Frøyen Steindal, AP vedk. pkt.4.3 vert teke med vidare til ADMU.

BYST-103/12 VEDTAK:

1. Som admu sitt vedtak av 31.05.12, utsendt med bystyrepapira. Med følgjande endringar:
 - 2.4 siste setning endres til: og skal dekke leining/deltaking i faste utval som naturleg ligg under faste hovudutval. Som AMU og UTBY.
2. Dei økonomiske konsekvensar for politisk arbeid vert å føre som eiga sak i ADMU i samband med utarbeiding av budsjett 2013.

Innspel frå repr.Frøyen Steindal, AP vedk. pkt.4.3 vert teke med vidare til ADMU.

Terje Heggheim
rådmann

Prenta/uprenta vedlegg:

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
7	I	07.03.2012	SEKOM-sekretariat	Godtgjersle folkevalde Flora kommune	



Saksgang	Møtedato	Saksnr
Bystyret	14.12.2010	116/10
Kultur- og oppvekstutvalet	20.03.2012	012/12
Helse- og sosialutvalet	20.03.2012	014/12
Plan- og Miljøutvalet	20.03.2012	010/12
Administrasjonsutvalet	20.03.2012	007/12
Administrasjonsutvalet	11.04.2012	008/12
Bystyret	23.04.2012	042/12
Administrasjonsutvalet	31.05.2012	015/12
Bystyret	07.06.2012	089/12

Sakshandsamar:
Edvin Helgheim

Arkiv: K1-044
Objekt:

Arkivsaknr
10/1963

MØTE- OG DELEGERINGSREGLEMENT 2011-2015

Kva saka gjeld:

I samsvar med vedtak i bystyresak 116/10 legg rådmannen fram revidert framlegg til Møte- og delegeringsreglement for Flora kommune.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Møte- og delegeringsreglementet blir godkjend slik det ligg føre i revisjon febr. 2012.
2. Det blir gjort ei justering i kapittelet om kontrollutvalet i pkt 1, "Heimel" i samsvar med merknader frå kontrollutvalet i møte 28.02.12 når det gjeld tilvising til "Forskrift om kontrollutval" fastsett av kommunaldepartementet 15.06.04.

20.03.2012 KULTUR- OG OPPVEKSTUTVALET

Røysting:

Saka vart samrøystes teken til vitande.

KUOP-012/12 VEDTAK:

Saka vart samrøystes teken til vitande.

20.03.2012 PLAN- OG MILJØUTVALET

Framlegg:

Plan- og miljøutvalet v/leiar Hanne Husebø Kristensen la fram følgjande framlegg til vedtak:

"1. Framlegg til Møte- og delegeringsreglementet vert teke til vitande."

Framlegg frå Jan Arve Midtbø (V):

"Alle frådelingssaker utanfor regulert område skal til Utbyggingsutvalet."

Framlegg frå Hallgeir Helland (H):

"Utbyggingsutvalet får rolla som forhandlingsutval i saker som tilhøyrer Plan- og Miljøsaker."

Røysting:

Utvalet sitt framlegg v/leiar Hanne H. Kristensen vart samrøystes vedteke.
Framlegget frå Jan A. Midtbø vart vedteke med 5 – fem- mot 4 –fire- røyster.
Framlegget frå Hallgeir Helland vart samrøystes vedteke.

PMUV-010/12 VEDTAK:

1. Framlegg til Møte- og delegeringsreglementet vert teke til vitande.
2. Alle frådelingssaker utanfor regulert område skal til Utbyggingsutvalet.
3. Utbyggingsutvalet får rolla som forhandlingsutval i saker som tilhøyrer Plan- og Miljøsaker.

20.03.2012 HELSE- OG SOSIALUTVALET***Framlegg:***

Høgre v/repr. Anita Solheim Steinseth la fram følgjande framlegg til nytt pkt.1:

Felles framlegg frå HSU:

HSU stiller seg bak rådmannen sitt framlegg i møte- og delegeringsreglementet som gjeld helse- og sosialutvalet, herunder også avvikling av klientutvalet.

HSU tek resten av møte- og delegeringsreglementet til vitande.

Røysting:

Framlegget vart samrøystes vedteke.

HSUT-014/12 VEDTAK:

HSU stiller seg bak rådmannen sitt framlegg i møte- og delegeringsreglementet som gjeld helse- og sosialutvalet, herunder også avvikling av klientutvalet.

HSU tek resten av møte- og delegeringsreglementet til vitande.

20.03.2012 ADMINISTRASJONSUTVALET***Framlegg:***

Leiar i utvalet **Jan Henrik Nygård (V)** la fram følgjande framlegg til vedtak:

1. Møte og delegeringsreglementet slik det ligg føre i revisjon febr. 2012, vert teke til vitande.
2. Reglement for underutval må utarbeidast.
3. Pkt. 5.2 i Kapittel 1, går ut.

Røysting:

Framlegget frå Jan Henrik Nygård (V) vart samrøystes vedteke.

ADMU-007/12 VEDTAK:

1. Møte og delegeringsreglementet slik det ligg føre i revisjon febr. 2012, vert teke til vitande.
2. Reglement for underutval må utarbeidast.
3. Pkt. 5.2 i Kapittel 1, går ut.

11.04.2012 ADMINISTRASJONSUTVALET

Framlegg:

Høgre og Venstre la fram slik framlegg til vedtak:

1. Kap.1: Som framlegg frå rådmannen med slik endring: Pkt.2.3: Møtestyrar vert retta til møteleiar.
Kap.2: Som framlegg frå rådmannen med slik endring: Punkt 5.2 går ut.
2. Øvrige kapittel vert utsett til junimøtet.
3. Styret i KF tek ein gjennomgang av "sine" vedtekter.
4. Det vert etablert egne retningslinjer for underutval basert på dette reglementet.
5. Retningslinjer for godtgjersle vert revidert når nytt møte- og delegeringsreglement er vedteke.
6. Rapport frå utvala vert innarbeidd i årshjulet for presentasjon i bystyret.

Røysting:

Framlegget frå Høgre og Venstre vart samrøystes vedteke.

ADMU-008/12 VEDTAK:

1. Kap.1: Som framlegg frå rådmannen med slik endring: Pkt.2.3: Møtestyrar vert retta til møteleiar.
Kap.2: Som framlegg frå rådmannen med slik endring: Punkt 5.2 går ut.
2. Øvrige kapittel vert utsett til junimøtet.
3. Styret i KF tek ein gjennomgang av "sine" vedtekter.
4. Det vert etablert egne retningslinjer for underutval basert på dette reglementet.
5. Retningslinjer for godtgjersle vert revidert når nytt møte- og delegeringsreglement er vedteke.
6. Rapport frå utvala vert innarbeidd i årshjulet for presentasjon i bystyret.

23.04.2012 BYSTYRET

Framlegg:

Framlegg frå Repr.Jan Henrik Nygård,V:

Pkt.1 går ut.

Pkt.2 vert endra slik: Saka vert utsett til junimøtet.

Endre nr.rekkefølga på punkta.

Røysting:

Utsetningsframlegget frå Nygård vart samrøystes vedteke.

BYST-042/12 VEDTAK:

1. Saka vert utsett til junimøtet.
2. Styret i KF tek ein gjennomgang av "sine" vedtekter.
3. Det vert etablert egne retningslinjer for underutval basert på dette reglementet.
4. Retningslinjer for godtgjersle vert revidert når nytt møte- og delegeringsreglement er vedteke.
5. Rapport frå utvala vert innarbeidd i årshjulet for presentasjon i bystyret.

31.05.2012 ADMINISTASJONSUTVALET

ADMU-015/12 VEDTAK:

ADMU gjorde slikt SAMRØYSTES vedtak:

1. Kap.1: Som framlegget frå rådmannen med slik endring: Pkt.2.3 Møtestyrar vert retta til møteleiar.
Kap.2: Som framlegget frå rådmannen med slik endring i pkt.5.2 går ut.
2. Felles for kap 19-22 kommunale føretak:
 - a. Rådmannen tilset dagleg leiar etter innstilling frå styret.
 - b. Styret tilset øvrige personale etter innstilling frå dagleg leiar.
 - c. For dei kommunale gjeld dei til ei kvar tid gjeldande særlover, kommunelov, traiffavtale, avtaleverk og kommunale retningsliner.
3. Vedtekter for Viltneemnda vert å kome attende til i eiga sak.
4. Det vert etablert eigne retningsliner for underutval basert på dette reglementet
5. Retningsliner for godtgjersle vert revidert når nytt møte- og delegeringsreglement er vedteke.
6. Rapport frå utvala vert innarbeidd i årshjulet for presentasjon i bystyret.

07.06.2012 BYSTYRET

Rådmannen gjorde greie for feil i Kap.17 Samferdsle: Det står her Utbyggingsutvalet, det rette er Samferdsleutvalet. (vert retta).

Framlegg:

Framlegg frå Repr.Oscar Bergheim,AP:

Kap.14 Ungdommens bystyre.

Tillegg til pkt.1.1:

Og stemme ved val i UB. Dette gjeldd også hybelbuarar.

Endring av overskrift i pkt.1.3.1 til Møte,tale og forslagsrett i andre organ

Tillegg: UB har 1 representant i formannskapet

Stryke: Som har talerett i dei saker som vedkjem ungdom.

Framlegg frå Repr.Hanne Husebø Kristensen,H:

Kap.23:

Formuleringa om delegering av løyver til utvala beholdes.

Kap.17. Samferdsleutvalet

Saker som har relevans for Samferdsleutvalet skal sendast Samferdsleutvalet til orientering.

Framlegg frå Repr.Odd Bovim,V:

Kap.14 UB

Pkt.1.3.1 Tilleggsframlegg:

Ved framlegg frå ungdommens bystyre i desse organa skal framlegget fremjast av møteleiar og takast til votering.

Kap.11, pkt.1.1, Kap.13 pkt.1.1.1, Kap.15 pkt.1.1.1

Setninga "Desse bør veljast mellom bystyret sine faste representantar" strykes.

Framlegg frå Venstre og Høgre v/Jan Henrik Nygård,V

- Kap.1: Som framlegg med endring pkt.2.3 møtestyrar rettast til møteleiar.
Pkt.5.2 går ut.
- Kap.2: OK.
- Kap.3: Kontrollutvalet endring 1 Heimel. Sett inn "Forskrift om kontrollutvalet"
Kommualdep.16.06.04
1.2.6 Møteform. Spørsmål om en i prinsippet skal ha opne dører for så å lukke
dei når det er påkrevd, eller om de skal være lukka og åpnast når det er
anledning.
Forslag her er at det i prinsippet skal være opne dører.
- Kap.4: Klagenemnda – OK
- Kap.5: Formannskapet – OK
- Kap.6: ADMU Pkt.2.1.3 Heimel settes inn.
- Kap.7: Forhandlingsutvalet
- Kap.8: AMU
- Kap.9: Plankomite
- Kap.10:Prosjektkomite
- Kap.11:Helse- og sosialutvalet
- Kap.12:Eldrerådet
- Kap.13:Kultur- og oppvekstutvalet
- Kap.14:Ungdommens bystyre
- Kap.15:Plan og miljøutvalet
- Kap.16:Utbyggingsutvalet:
Utbyggingsutvalet får rolla som forhandlingsutval i saker som tilhører PMU
saker.
- Kap.17:Samferdsleutvalet – endring (v/Hanne)
- Kap.18:Viltneemnda – Vert å kome attende til i eiga sak.

- Felles for alle KF:
1. Rådmannen tilset dagleg leiar etter innstilling frå styret.
 2. Styret tilset øvrig personale etter innstilling frå dagleg leiar.
 3. For dei kommunale gjeld dei til ei kvar tid gjeldande særlover,
kommunelov, tariffavtale, avtaleverk og kommunale retningslinjer.

- Kap.19:KF Innvandrarsenteret OK
- Kap.20:KF Flora Kjøkkenservice OK
- Kap.21:KF Flora Hamn Nytt reglement utlevert
- Kap.22:KF Havhesten § 9 Styret sine møter
Andre setning første avsnitt. Lukka endres til
åpne.
- Kap.22-Styre Allhuset Eikefjord
- Kap.23:Delegering av mynde i budsjettsaker
Pkt.4.2.1 - (Hanne – ok)
- Kap.24:Samla Delegering til rådmannen

Anna:

- Det vert etablert egne retningslinjer for underutval basert på dette reglement.
- Rapport frå utvala vert innarbeidd i årshjulet for presentasjon i bystyret.
- Valperioder for styremedlemmer i alle KF vert sett til 4 år og tilpassa kommunevalet.

Røysting:

Det vart føreteke punktvis/kapittelvis røysting slik:

- Kap.1 Pkt.2.3 endring til møteleiar vart samrøystes vedteke.
- Kap.2 Samrøystes vedteke som tilrådd

- Kap.3 Endring 1.2.6 Møteform(opne og lukka møter) vart samrøystes vedteke.
- Kap.4: Samrøystes vedteke som tilrådd
- Kap.5: Samrøystes vedteke som tilrådd
- Kap.6: Pkt.2.1.3 Heimel vert sett inn. – Samrøystes vedteke.
- Kap.7: Samrøystes vedteke som tilrådd.
- Kap.8: Samrøystes vedteke som tilrådd
- Kap.9: Samrøystes vedteke som tilrådd.
- Kap.10: Samrøystes vedteke som tilrådd
- Framlegget frå Bovim til pkt.11,13 og 15** - ..bør veljast..... osv. fall mot 5 røyster
- Kap.11: Samrøystes vedteke som tilrådd
- Kap.12: Samrøystes vedteke som tilrådd
- Kap.13: Samrøystes vedteke som tilrådd
- Kap.14: Samrøystes vedteke med endringsframlegget frå Bergheim Pkt.1.1 (gjeld også hybelbuarar)
- Pkt.1.3.1. Framlegget frå Bergheim vart samrøystes vedteke (møte, tale og forslagsrett).
- Framlegget frå Bergheim om ein repr.frå ungdommens bystyre i formannskapet med møte- og observatørstatus vart samrøystes vedteke.
- Etter framlegg frå Bergheim vart siste setning i pkt.1.3.1 (som vedkjem ungdom) samrøystes vedteke stoken.
- Framlegget frå Bovim 1.3.1 (framlegg frå ungdommen) vart samrøystes vedteke.
- Kap.15: Samrøystes vedteke som tilrådd
- Kap.16: Samrøystes vedteke med endring som framlegg frå V og H der UTBY får rolla som forhandlingsutval for PMU-saker.
- Kap.17: Samrøystes vedteken med endringsframlegget frå Høgre (saker til samf.utv.)
- Kap.18: Bystyret vedtok samrøystes å kome attende til Viltneymnda.
- Fellesframlegg for alle KF:** Framlegget frå Nygård (H og V) i 3 pkt. vart samrøystes vedteke.
- Kap.19,20,21 og 22: Tilrådinga vart samrøystes vedteke. (endringar gjort i felles vedtak – o ver)
- Kap.23: Framlegget frå Kristensen vedk."delegering" beholdes vart samrøystes vedteke.
- Kap.24: Samla delegering til Rådmannen vart samrøystes vedteke som tilrådd.
- Anna: Det vart røysta punktvis over tre kulepunkt her:
- Det vert etablert eigne retningslinjer for underutval basert på dette reglement.
Punktet vart samrøystes vedteke.
 - Rapport frå utvala vert innarbeidd i årshjulet for presentasjon i bystyret.
Punktet vart samrøystes vedteke.
 - Valperioder for styremedlemmer i alle KF settes til 4 år og tilpassas kommunevalet.
Dette punktet vart samrøystes vedteke utsett til seinare.

BYST-089/12 VEDTAK:

- Kap.1 Som tilråding med Pkt.2.3 endring til møteleiar.
- Kap.2 Som tilråding
- Kap.3 Som tilråding med endring 1.2.6 Møteform(opne og lukka møter)
- Kap.4: Som tilråding
- Kap.5: Som tilråding
- Kap.6: Som tilråding Pkt.2.1.3 Heimel vert sett inn. –
- Kap.7: Som tilråding.
- Kap.8: Som tilråding
- Kap.9: Som tilråding
- Kap.10: Som tilråding
- Kap.11: Som tilråding
- Kap.12: Som tilråding
- Kap.13: Som tilråding
- Kap.14: Som tilrådd med slike endringsframlegget:

Pkt.1.1 Dette gjeld også hybelbuarar.

Pkt.1.3.1. Overskrifta endrast til Møte, tale og forslagsrett.

ein repr.frå ungdommens bystyre i formannskapet med møte- og observatørstatus.
siste setning i pkt.1.3.1 (som vedkjem ungdom) vert stroke.

1.3.1 Ved framlegg frå ungdommens bystyre i deses organa skal framlegget
fremjast av møteleiar og takast til votering.

Kap.15:Som tilråding.

Kap.16: Som tilråding og slik endring:

- o Utbyggingsutvalet får rolla som forhandlingsutval i saker som tilhøyrer PMU saker.

Kap.17: Som tilråding med slik endring:

Saker som har relevans for Samferdsleutvalet skal sendast samferdsleutvalet til orientering.

Kap.18: Bystyret vedtok samrøystes å kome attende til Viltnemnda.

Fellesframlegg for alle KF:

1. Rådmannen tilset dagleg leiar etter innstilling frå styret.
2. Styret tilset øvrig personale etter innstilling frå dagleg leiar.
3. For dei kommunale gjeld dei til ei kvar tid gjeldande særlover, kommunelov, tariffavtale, avtaleverk og kommunale retningslinjer

Kap.19,20,21 og 22: Som tilråding (med endringar som ovanfor)

Kap.23: Som tilråding. Delegering beholdes.

Kap.24:Samla delegering til Rådmannen.

Anna:

- o Det vert etablert egne retningslinjer for underutval basert på dette reglement.
- o Rapport frå utvala vert innarbeidd i årshjulet for presentasjon i bystyret.
- o Valperioder for styremedlemmer i alle KF settes til 4 år og tilpassas kommunevalet. (Utsett til seinare).

Terje Heggheim,
rådmann

Edvin Helgheim,
spesialrådgjevar

Innleiing:

Bystyret gjorde i sak 116/10 i møte 14.12.2010 vedtak om Møte- og utvalstrukturen for bystyreperioden 2011-2015. I punkt 6 i vedtaket heiter det:

- *Det vert å utarbeide nye reglement for dei folkevalde organa og dei kommunale foretaka.* Dette reglementet er Møte- og delegasjonsreglementet som har vore nokså uendra sidan den store omorganiseringa av kommunen sette i verk i 2002, "Omstilling 2000". I den vidare handsaminga brukar vi nemninga "delegeringsreglement" (sjå under vurdering).

I denne bystyresaka vart utvalstrukturen slått fast. Det vart då sagt at Utbyggingsutvalet må få sitt eige kapittel, det same galdt Samferdsleutvalet, som er eit nytt, formelt utval. Ved konstitueringa av den nye bystyret vart det òg valt å nemne opp Viltneimda og dette utvalet får eige kapittel. Skatteutvalet går ut. Det er òg tilrådd at Klientutvalet blir lagt ned som eige underutval under Helse- og sosialutvalet.

Alle kommunale KF er no komne med, inkludert KF Havhesten som ikkje låg inne. KF Bustad og eigedom går ut sidan det ikkje er eige KF, og KF Hamn og næring er no KF Flora Hamn. Styret for Allhus i Eikefjord ligg inne i samsvar med siste vedtak i bystyret.

Det er gjennomført språkleg retting og rydding av reglementa. Lovtilvisingane er kontrollerte, og det er sjekka opp at reglementa er i samsvar med aktuelle lover der lovene er klare i si påvising av korleis kommunen skal organiserast og sakane skal behandlast. Det er òg gjort justeringar i høve til innarbeidd praksis.

Alle endringar, utanom språklege endringar og lovtilvisingar, er gjort greie for i vedlagde oversyn, "Systematisk oversyn over endringar i reglementet". Oversynet viser kor endringane er gjort, kva som, er gjort og ei kort grunngjeving for endringane. Dei større, prinsipielle endringane er gjort greie for i sjølve saka.

Framlegget til nytt reglement i saman med oversynet over endringar vart utdelt i bystyret 9.februar. Framlegget til "Reglement for kontrollutvalet i Flora kommun" frå 28.02.12 ligg ved.

Vurdering:

Politikk - administrasjon

Rådmannen har i revisjonen av planen prøvd å vere klar på vise skiljet mellom politikk og administrasjon. Politikerane styrer gjennom budsjett- og planarbeid og overordna vedtak, og administrasjonen, representert ved rådmannen, gjennomfører det som er vedteke og har heile ansvaret for drifta. Rådmannen rapporterer til dei politiske organa om drifta, på framdrift og avvik, og gjennom rekneskap og kvartals- og årsrapportering. Kontaktpunktet mellom rådmann og politikk er først og fremst i bystyret, men delar av avgjerdsretten kan vere delegert frå bystyret til ander politiske organ.

Når budsjett og handlingsplanar er vedtekne, har rådmannen alle fullmakter til å disponerer midlane innanfor dei vedtekne rammene, og rådmannen har òg det fulle personalansvaret, inkludert alle tilsettingar (unnateke rådmann og kommunalsjefar). Formannskapet er økonomiutval og er ansvarleg for å legge fram eit budsjett som bystyret til slutt skal vedta. Det er her politikken blir fastlagd, og derfor er det viktig at denne prosessen er grundig og at det blir avsett nok tid til arbeidet. M.a. kan det vere ønskeleg at hovudutvala kjem meir aktivt inn i budsjettprosessen, og det er det òg rom for i reglementet. Rådmannen med sin stab og sine leiarar skal legge til rette for eit best mogeleg grunnlag for budsjettprosessen og kan òg komme med framlegg til budsjett. Men det er altså formannskapet sitt budsjettframlegg bystyret skal handsame. *Det blir arbeidd med ei endring av årshjulet for politikk og administrasjon som skal gje alle partar betre tid til å jobbe fram prioriterte handlingsplanar og budsjett i godt samspel.*

Elles er ansvaret for budsjettarbeidet klart definert i kommunelova § 45.2 "*Kommunestyret og fylkestinget vedtar selv årsbudsjett og endringer*". I professor Jan Fr.Bernt sine kommentarar til lova, blir det sagt at bystyret kan vedta budsjettet på overordna nivå, t.d. på sektorar, og kan delegere vidare på underkapittel (t.d. tenestenivå). Men dette vil vere lite aktuelt:

Bystyret vedtar budsjettet sektorvis. Det er netto budsjett som blir vedteke. I investeringsbudsjettet blir kvart enkelt prosjekt vedteke med ei totalramme. Rådmannen fordeler budsjettet på tenestene, stabar og ev fellesområde. Rådmannen deleger budsjettansvaret vidare til tenesteleiarar og stabsleiarar. Derfor er det vanskeleg å tenke seg ein situasjon der ein politisk omfordeler mellom tenestene gjennom budsjettåret. *Det ville vere å bryte den kontrakten bystyret og rådmannen har inngått med dei ansvarlege for tenestene.*

Det kan administrativt skje endringar i tenestene sine budsjett gjennom året, t.d. på grunn av endra føresetnader, men dette skjer då i eit samarbeid mellom rådmannen og dei aktuelle tenestene, og bygger då t.d. på oppfølging av ressursfordelingsmodellar. Derfor er punkta om at formannskapet eller hovudutvala kan overføre midlar frå eitt tenesteområde til eit anna eller på annan måte omdisponere innan budsjettet, teke ut, i reglement for dei ulike utvala og i kap 23: Delegering av mynde i budsjettsaker.

Det er likevel slik at dei politiske utvala kan ha ønske om å styrke enkelte tenesteområde eller støtte tiltak som kjem opp gjennom året. Det er derfor opna for at bystyret i si budsjetthandsaming kan gje t.d. hovudutvala ein pott til disposisjon, på same måte som formannskapets konto. Dette føreset sjølvstendig at det er budsjettmessige rom for det.

Bystyret kan når som helst gjennom året endre rammene for sektorane når endra føresetnader gjer det mogeleg eller nødvendig, men vanlegvis skjer dette ved revidert budsjett i juni. Bystyret kan når som helst inndra ei delegering, men det er føresett at dette skjer i ein dialog med respekt for kvarandre sine rollar. Gode rutinar på kontroll og rapportering vil gje bystyret god oversikt til å kunne vurdere å gå in med tiltak.

Dette skal vere rom for i det framlagde delegeringsreglementet. Og det er særleg handsama i kapittel 23, *Delegering av mynde i budsjettsaker*.

Namnet:

I saka prøver vi konsekvent å bruke nemninga *delegeringsreglement*, ikkje *delegasjonsreglement*. Det er svært ulikt kva kommunar rundt om brukar og begrepa blir til dels brukt om kvarandre. Vi har henta støtte til endringa i Riksmålsforbundet si språkspalte:

"Vi anbefaler DELEGERING om handlingen, 'det å delegere', og DELEGASJON om gruppe utsendinger. Dette er det vanlige i norsk".

Møtereglementet:

Det er ikkje gjort prinsipielle endringar i reglementet, meir ei rydding, der vi m.a. har teke vekk ein del forklarande tekst. Det er teke med eit punkt om at representantane skal kle seg fint i politiske møte, av respekt for ombodet og medrepresentantane. Det er framleis opp til representantane å vurdere kva som er fint.

Nytt i utvala sine reglement:

Kontrollutvalet er eit sentralt organ, og det er viktig at utvalet arbeider i samsvar med lovteksten. Det blir arbeidd med ein revisjon av Kommunelova, og eitt av punkta der vi kan vente endring i er i spørsmålet om møta i utvala skal vere opne eller lukka. Truleg går det i retning av opne møte som hovudprinsipp, men der utvalet kan stenge dørene når saker som i samsvar med lova elles (inkl Forvaltningslova) ikkje skal vere offentlege. I gjeldande lov er hovudprinsippet at dørene skal vere stengde, men utvalet kan velje å opne dei i enkelte saker. Dette er det lagt i reglementet for å komme ei ev endring i møte.

Kontrollutvalet har sjølv kome med framlegg til "Reglement for kontrollutvalet i Flora" i sak 04/12 i møte 28.02.12. Saksinnhaldet er i hovudsak det same som i det reglementet rådmannen har lagt fram. Språkforma er annleis og ville skilje seg frå reglementet elles om vi skulle innarbeide det, og det har òg med nokså detaljerte oversyn over arbeidsmåten i utvalet, som vi ikkje har for dei andre utvala. Det same gjeld ønske om korleis utvalet skal framstå ("Kompetent, uavhengig, objektivt"), som vanskeleg kan fastslåast i eit reglement, men som må komme fram gjennom valprosessen til utvalet og arbeidet som blir gjennomført. I gjeldande reglement under "Heimel" i pkt 1 rådmannen tilrå å oppdatere til "Forskrift om kontrollutval" av 15.06.2004 slik at det blir gjort gjeldande for utvalet sitt arbeid og som vil ta opp i seg mange av dei merknader kontrollutvalet sjølv har. Rådmannen minner at vi ikkje kan forskottere endringar som er foreslått i kommunelova slik kontrollutvalet har gjort i si sak. Desse endringane må komme som ein revisjon når dei er vedtekne.

Formannskapet er eit viktig organ, m.a. som kommunen økonomiutval. Formannskapet skal i sterk grad komme med tilrådingar til bystyret og kan ikkje gjere økonomivedtak, d.v.s. flytte pengar utan at det er særskilt delegert frå bystyret. Ei rekke saksområde vart lagt til formannskapet å vedta eller uttale seg om, som ligg til andre utval, m.a. ein del personalsaker som ligg til *Administrasjonsutvalet (Admu)*. Dette er òg slik arbeidsdelinga har vore praktisert. *Admu* er ikkje underutval av formannskapet slik det står i eksisterande reglement, men har ein sjølvstendig funksjon eller rapporterer direkte til bystyret. Det er rydda opp i tilhøvet mellom formannskapet og *Admu*. *Admu* skal heller ikkje komme med uttale i økonomisaker/budsjettsaker.

Arbeidsmiljøutvalet sitt reglement er ein god del omarbeidd og er no i samsvar med utvalet sin funksjon i Arbeidsmiljølova og Hovudavtalen. Dette er partsamansett utval som er sterkt regulert av lova og dei avtalane partane i arbeidslivet kjem fram til. Det er særleg understreka utvalet sitt ansvar for verne- og miljøarbeidet.

I *Prosjektkomiteen* sitt reglement er det gjort to vesentlege endringar som går på økonomi. Formannskapet er delegert ansvaret for å godkjenne prosjektrekneskap for prosjekt inntil 3 mill. kr mot 0,5 mill kr i eksisterande reglement. Sameleis får rådmannen delegert mynde til å kjøpe utgreiings- og prosjekteringsarbeid for eit prosjekt for inntil 1 mill (auka frå 0,2 mill). Føresetnaden for begge er at kostnadene ligg innafor vedteke budsjett, og det er sjølv sagt eit krav for kjøp av tenester at innkjøpsreglementet blir følgt. Dette er ei oppjustering i høve til kostnadsnivå og for få ein meir smidig prosess i gjennomføringa og avslutninga av prosjekt.

Helse og sosialutvalet: Det er innan sektoren kome ein del nye lover som også har innverknad på arbeidsområde og kva saker som er delegerte. Sjå oversikten som ligg ved. Ein del oppgåver er, i samsvar med praksis, flytta frå politikk til administrasjon. Det gjeld t.d. spørsmål om tvangstiltak overfor enkeltpersonar og stenging etter smittevernlova. Statlege føringar som gjeld mattilsynet gjer at kommunen sin rolle blir redusert.

Klientutvalet er foreslått nedlagt. Rådmannen har tidlegare argumentert for ei slik nedlegging, og hovudargumentet er at eit slik utval kan gje lengre sakshandsamingstid med eit ekstra kommunal nivå før klagene ev går til fylkesmannen, som er det formelle overordna klageorganet. Dette er kompliserte faglege saker der fylkesmannen er nøytral klageinstans. Dette er no praksis i dei aller fleste kommunar.

Kultur- og oppvekstutvalet: Her har det kome ei ny lov, Kulturlova. Elles er det gjort framlegg om at foreldreutvala for skule og barnehage skal ha møterett i utvalet. Eksisterande reglement seier at KUOP er overordna organ for samarbeidsutvala, men dette stemmer ikkje, og er teke ut. Samarbeidsutvala har sin lovheimla rett og skal ivareta foreldre/barn sine rettar i skule og barnehage og har uttalerett i ein del saker. Det er òg i eksisterande reglement sagt at samarbeidsutvala har vedtaksrett i budsjett- og plansaker ved skulane. Dette er ikkje lovheimla. Elles skal ikkje samarbeidsutvala vere med i delegeringsreglement, dei er ikkje ein del av den linja i den politiske strukturen.

Plan- og miljø har òg fått ei del nye lover og konsekvensane av dei er innarbeidde i planen med endringar og ev nye arbeidsområde. Ved konstitueringa i haust vart ein del saksområde overførde frå Utbyggingsutvalet som òg har "mist" arbeidsområde til Samferdsleutvalet. Desse to underutvala av Plan og miljø har òg fått med ei nytt utval, Viltneimnda. Sjå arbeidsområda og fordelinga i reglementet og i endringslista.

Ungdommens bystyre sine 21 medlemmar fordeler seg på 12 valde representantar frå skulane og 9 valde på frie lister. Dette er ein modell som Flora er åleine om i fylket, og er truleg med på auke interessa og gjev større engasjement. Skulemandata var i utgangspunktet fordelt på 5 frå Flora Vidaregåande skule (FVG), 4 frå Flora Ungdomsskule (FUS), to frå Eikefjord skule og 1 frå Solheim skule. Dette vart seinare endra slik at fordelinga mellom FVG og FUS vart bytt om pga av større valdeltaking på FUS. Etter at Solheim skule ikkje lenger har ungdomssteg, vart det ved siste val administrativt bestemt at dette eine mandatet gjekk tilbake til FVG. Dette er òg framlegget i reglementet.

Felles: Representasjon, møte-, tale- og framleggsrett

Ungdommens bystyre har i sitt reglement lagt inn i MDR og seinare endringsvedtak fått møterett i hovudutvala og bystyret, og i tillegg har UB hatt tale- og framleggsrett. Dette er truleg i strid med Kommuneleva.

Prof. Jan Fr. Bernt tar utgangspunkt i Kommuneleva § 30. Lova er lite detaljert, men Bernt tar utgangspunkt i kva som er eit formelt møte, kva som kan behandlast og kven som kan delta. "Karakteristisk for et formelt møte er at det er bare forsamlingens medlemmer som har tale-, forslags- og stemmerett. Andre personer kan etter særskilt vedtak få ordet, men dette må da være klart uskilt fra det allminelige ordskiftet." Han nemner spesielt i samband med representantar frå "ungdommens kommunestyre". "Medlemmer av en slik forsamling kan gis adgang til å fremføre synspunkter og forslag i en særleg sesjon for dett, før møtet eller i en pause. Når så møtet i vedkommende organ settes igjen, vil det imidlertid selvsagt være opp til de folkevalgte hvor mye vekt de vil legge på det som er fremført av for eksempel ungdomsrepresentantene, og forslag som blir fremsatt av slike, vil ikke bli gjenstand for votering hvis de ikke tas opp igjen av administrasjonssjefen eller en av de folkevalgte."

Dette er altså klare ord om kva som er lov å gjere, og rådmannen er opptatt av at det ikkje kan reisast tvil om at vedtaka er gjort i politiske organ som formelt lovleg, som òg Bernt peikar på. Engasjementet som UB og andre interesseorganisasjonar viser, må takast vare på. Det kan òg skje ved høyringar omkring store saker, der mange kan inviterast til å delta, og gjennom at UB og andre kjem uttalar til sakene før dei kjem opp til vedtak i dei politiske organ. Rådmannen vil ikkje legge dempar på ungdommens engasjement og er stolt over at vi har fått eit så aktivt UB som blir lagt merke til fylket rundt om har fått fram mange politiske talent. *Før endeleg avgjerd kan rådmannen vere innstilt på å legge fram saka for kommunaldepartementet for å sjå om det er mogeleg å opne for å gje UB fleire rettar.*

Spørsmålet gjeld òg likebehandling med Eldrerådet og Rådet for funksjonshemma, som har møterett i hovudutvala, men ikkje i bystyret. UB er i det nye reglementet sett opp med møterett i UB til skilnad frå dei to andre organisasjonane.

Kommunale føretak.

Det er ikkje gjort vesentlege endringar i vedtektene for dei kommunale føretaka, og det har heller ikkje kome framlegg frå noko KF om endring. Reglementa er stort sett identiske for alle KF med unntak av § 4 Formål og ansvarsområde.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Er vist til i sjølve reglementet

Prenta vedlegg:

-Framlegg til Møte og delegeringsreglement for Flora kommune

-Systematisk oversyn av endringar i reglementet

Desse er utsendt tidlegare³. Er det nokon som manglar desse, kan dei vende seg til politisk sekrariat.

- Sak 014/12i Kontrollutvalet ligg ved.

SM 46-12

Selskapskontroll (eigarskapskontroll)

Firda Billag AS

2011



Innhald

1	Innleiing	
1.1	Bakgrunn	s.2
1.2	Føremål	s.2
1.3	Framgangsmåte	s.2
2	Om konsernet	s.3
2.1	Selskapsforhold	s.4
2.2	Avtalemessige forhold	s.4
2.3	Forpliktingar vis av vi offentlege instansar	s.6
2.4	Juridiske forhold	s.6
2.5	Organisasjonen	s.6
2.6	Miljø	s.6
2.7	Framtidsutsikter	s.6
2.8	Konsernets økonomiske utsikter	s.7
3	Styret	s.8
4	Revisor	s.9
5	Generalforsamlinga	s.9
6	Eigarstyring	s.10
7	Høyring	s.11
8	Konklusjon	s.11

Vedlegg:

1. Kart over konsernet
2. Kart over morselskapet Firda Billag AS
3. Høyringsuttale frå Firda Billag AS
4. Høyringsuttale frå Sogn og Fjordane fylkeskommune

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune har i vedtak den 21.06.11 gått inn for å gjennomføre selskapskontroll i Firda Billag AS. I bestillingsdokumentet er det opplyst at føremålet er å oppfylle gjeldande lovkrav til gjennomføring av selskapskontroll.

Firda Billag AS tok i 2010 over landtransportdelen til Fjord1. I tillegg vart selskapet i 2010 omgjort frå eit interkommunalt selskap (IKS) til eit aksjeselskap (AS). Selskapet driv også i 2011 med å gjennomføre større organisatoriske endringar i selskapet. Desse elementa var tilleggsmoment for at kontrollutvalet har sett det som interessant å få gjennomført ein selskapskontroll i form av **eigarskapskontroll** av selskapet.

1.2 Føremål

Føremålet med eigarskapskontrollen er å kontrollere korleis fylkeskommunen forvaltar sine eigarinteresser i selskapet; med det om dei gjer dette i samsvar med fylkestinget sine vedtak og føresetnader¹. For Firda Billag AS sin del vert fylkeskommunen sine eigarinteresser i selskapet ivareteke via fylkeskommunen sin representant i generalforsamlinga.

Eigarskapskontroll er ein avgrensa kontroll. Det betyr at kontrollen avgrensar seg til ein vurdering av om eigarane har etablert tilfredsstillande rammar for styring, og at verksemda faktisk opererer i tråd med føremålet. Kontrollen omfattar ikkje sjølve aktivitetane i selskapet, så som kvaliteten på tenestene som selskapet leverer eller om selskapet når sine mål. Dette er forhold som kan kontrollerast gjennom forvaltningsrevisjon.

Intensjonen med regelverket om selskapskontroll var m.a. å sikre dei folkevalde betre innsyn og kontroll med den delen av den fylkeskommunale verksemda som er organisert som interkommunale selskap eller aksjeselskap.

1.3 Framgangsmåte

Rapporten byggjer på informasjon frå selskapet sin eigar (fylkeskommunen), styret og administrasjonen, samt opne kjelder som t.d. Foretaksregisteret, Proff.no med fleire.

Kontrollen har ei brei tilnærming. Vi vil på bakgrunn av det ikkje gjennomføre nokon grundige undersøkingar av moglege funn.

Funna vert vurdert opp mot:

- Aksjelova
- Offentleglova
- Lov om offentlige anskaffelser
- Selskapets vedtekter
- Tilrådingar frå KS'Eierforum

¹ Jf. § 14 i Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner

- Fylkeskommunen si Eigarmelding for 2010 og til dels 2011.

Hovudfokus i rapporten vil vere negative funn. Det betyr at det som i utgangspunktet er i orden vil ikkje verte gjenstand for nærare omtale.

2 Om konsernet

Firda Billag AS vart stifta 18.06.2010 ved omgjerung frå eit interkommunalt selskap til eit aksjeselskap.

Firda Billag AS er eit konsern. Konsernet bestod ved utgangen av 2010 av :

Firda Billag AS	
Transferd AS	-eigd 100 % av Firda Billag AS
SRB Anleggstransport AS	-eigd 51 % av Transferd AS

Konsernet har gjort ein del nye organisatoriske endringar i 2011, m.a. er selskapet Firda Billag Buss AS fisjonert ut av morselskapet og morselskapet har oppretta eit nytt dotterselskap; Fjordane Reisebyrå AS. Det nye organisasjonskartet til konsernet er lagt ved som vedlegg nr 1.

Selskapet driv innafor persontransport (buss), godstransport på veg, bilutleige (AVIS), reisebyrå, verkstad for tunge kjøretøy og eigedomsforvaltning.

Firda Billag AS har sitt hovudkontor i Førde kommune og avdelingar i Florø, Dale, Sandane og Sogndal. Etter kjøpet av Transferd AS frå Fjord1 har selskapet i tillegg fått avdelingar i Kaupanger, Otta, Stryn og Ålesund.

Ved utgangen av 2010 hadde selskapet 348 tilsette.

Aksjekapitalen i selskapet er på kr 10.000.000,- og er fordelt på 10.000 aksjar kvar pålydande kr 1.000,-. Aksjane fordeler seg slik mellom eigarane i selskapet:

Eigarar/aksjonærer	Forretningskontor	Tal	Pålydande	Eigar-/ stemmeandel
Askvoll kommune	Askvoll	569	1 000	5,69 %
Balestrand kommune	Balestrand	443	1 000	4,43 %
Bremanger kommune	Svelgen	717	1 000	7,17 %
Fjaler kommune	Dale	600	1 000	6,00 %
Flora kommune	Florø	1 447	1 000	14,47 %
Førde kommune	Førde	1 236	1 000	12,36 %
Gaular kommune	Sande	609	1 000	6,09 %
Gloppen kommune	Sandane	1 017	1 000	10,17 %
Hyllestad kommune	Hyllestad	458	1 000	4,58 %
Høyanger kommune	Høyanger	782	1 000	7,82 %
Jølster kommune	Skei	517	1 000	5,17 %
Naustdal kommune	Naustdal	454	1 000	4,54 %
Stryn kommune	Stryn	651	1 000	6,51 %

Sogn og Fjordane fylkeskommune	Leikanger	500	1 000	5,00 %
SUM		10 000		100 %

2.1 Selskapsforhold

Det interkommunale selskapet var i si tid etablert gjennom eit spleiselag for å sikre infrastrukturen i Sunnfjord. Fylkeskommunen kom inn som eigar saman med 13 kommunar ved at fylkeskommunen i 1997 overtok FSF (Fylkesbåtane i Sogn og Fjordane) sin eigardel i det opphavlege lotalaget.

Fylkeskommunen opplyser at selskapet vart endra til eit AS grunna nye rammevilkår. Det var eit naudsynt tiltak for å sikre selskapets konkurransekraft.

Saka vedr. omdanninga vart handsama i fylkestinget 07.04.2010 under sak 0009/10. Med vising til saksframstillinga i saka står det :

“ Om bakgrunnen for omdanninga skreiv administrerende direktør Peter Midthun: Rutebilnæringa er i sterk endring. I dag er ca 40 % av den samla bussproduksjonen i landet lagt ut på anbud. I løpet av få år vil dei resterande 60 % verte lagt ut. Dette betyr at Firda Billag ikkje lenger vil verte beskytta av sin områdekonsesjon. I avtalen selskapet i dag har med Sogn og Fjordane fylkeskommune er det opna for at anbod kan takast i bruk innan vårt konsesjonsområde frå år 2014. Det betyr at heile eller deler av den produksjonen selskapet i dag utfører kan verte overtatt av andre. Dette aukar risikoen ved drifta betydeleg. Når anbod er tatt i bruk i konsesjonsområdet vil Firda Billag vere eit heilkommersielt selskap. Ein ser det som lite hensiktsmessig både for eigarane og for selskapet å fortsette med IKS-modellen under slike rammevilkår. ”

Det er ikkje utarbeida ein eigen aksjonæravtale mellom eigarane. Vedtektene regulerer det som er nødvendig.

Omsetnad av aksjar er regulert gjennom selskapet sine vedtekter.

Etter kommunelova § 50 nr. 9, jf. Departementet si fullmakt av 27.02.20014, skal Fylkesmannen godkjenne låneopptak for kommunar som er innmeldt i Robek. Vi har godkjent låneopptak for kr.300.000,- til asfaltering av vegar på Ytre Reksta og Rognsøy. Det er eit vilkår at lånet blir betalt tilbake i samsvar med reglane i kommunelova § 50 nr 7 – avdragstida kan ikkje overstige den vekta levetida for kommunen sine samla anleggsmidlar ved årsskifte.

Det vart skreve avtale i samsvar med vedtak frå Formannskapet, mellom Reidulf Refsnes i Flora kommune og Ingrid Reksten som representerte Bygdelaget Havglimt den 04.07.2008.

Flora Kommune har i samsvar med avtale, overteke lånet i 2011.



Økonomi:

Vedtatt ramme:	Kr.300.000,-	Bystyre sak
Kalkyle etter anbudsrunder:		
Eventuelt justert ramme:		Bystyre sak:
Endelige tot. Kostnader:	Kr.300.000,-	
Avvik (- +)	-	
Eventuell Oppfinansiering:		Bystyre sak:

Dato: <u>31.10.2011</u>	Dato:
Sign: <u><i>Peder P. Rasmussen</i></u> Avdelingsleder	Sign: _____ Prosjektleder

Vedlegg: Rapport – Ettervurdering/Evaluering av prosjekt.(Se egen mal M-004)



Saksgang
Prosjektkomiteen

Møtedato
09.05.2012

Saksnr
008/12

Sakshandsamar:
Hanne Anette Flugre

Arkiv: K1-216, K2-Q04 Arkivsaknr
11/1753

SLUTTRAPPORT - PROSJEKT 78656 ASFALTERING VEGAR YTRE REKSTA OG ROGNALDSVÅG

Kva saka gjeld:

Overtaking av lån pålydande kr.300.000,- frå Grendeutvalet for Rognaldsvåg/Reksta/Kinn vedkomande fornying av toppdekket på Ytre Reksta og Rognsøy.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Sluttrapport og sluttrekneskap vert godkjent slik det ligg føre.

09.05.2012 PROSJEKTKOMITEEN

Røysting:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

PRKO-008/12 VEDTAK:

1. Sluttrapport og sluttrekneskap vert godkjent slik det ligg føre.

Terje Heggheim
Rådmann

Reidulf Refsnes
Tenesteleiar

Flora Kommune
Prosjektkomiteen
v/Reidulf Refsnes
6900 Florø

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Kryss/trine/flora/prosjekt/førebels78656

Arkivkode:

212Q04

Journålnr.:

017/2012

Dokumentdato:

09.02.2012

FØREBELS REVISJONSUTTALE - SLUTTRAPPORT/ -REKNESKAP FOR PROSJEKT 78656 ASFALTERING VEGAR YTRE REKSTA OG ROGNALDSVÅG.

Det ligg føre sluttrekneskap for ovannemnde prosjekt for perioden 2010-2011. d.14.10.2011.
Det ligg føre sluttrapport med evaluering av gjennomføring av prosjektet d.31.10.2011.

Saka er oversendt revisjonen for førebels uttale, med vidare handsaming i Prosjektkomiteen.

Saka gjeld overtaking av lån pålydande kr 300 000,- frå Bygdelaget Havglimt v/Olaug Bendiksen angående fornying av toppdekket på Ytre Reksta og Rognaldsvåg. Det ligg føre rapporteringsskjema for *prosjekt nr 78656 Asfaltering vegar ytre Reksta og Rognaldsvåg* som viser ein total kostnad på Kr.300 000,-. Godkjent budsjett for prosjekt nr 78656 er på kr 300 000,- jfr. F-sak 089/08. Prosjektet er såleis gjort opp i balanse. Prosjektet er i si heilheit lånefinansiert.


Vi har stadfesta taldelen i sluttrapporteringa ved vår påteikning i dag, og har ingen ytterlegare kommentarar til den sluttrekneskap som ligg føre.

Vi vil kome attende til endeleg revisjonsuttale så snart saka kjem attende frå Prosjektkomiteen, og deretter vil saka bli vidareført til kommunen sitt kontrollutval som vil avgje uttale i saka.

Vi tør be om at saka vert returnert til oss saman med særutskrift frå Prosjektkomiteen si handsaming, slik at vi kan føreta avsluttande revisjonshandlingar og utforme ei endeleg revisjonsuttale til rekneskapssaka. Vi viser ellers til dokument som følgjer saka.

6900 Florø den 09.02.2012

Med-helsing



Trine Vokul
KOMMUNEREVISJONEN I
YTRE SOGN OG SUNNFJORD

Vedlegg:

Utskrift av rekneskap

Sluttrapport

Politiske vedtak i sak: prosjekt 78656

Kopi:

Rådmannen

Økonomisjef

Regionskontor for kommunane:

Flora, Askvoll, Bremanger

Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø

Tlf. 57 75 60 97

E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular

Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde

Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01

E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund

Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad

Tlf. 57 78 85 47

E-post: postmottak@kryssrevisjon.no



FLORA
KOMMUNE

TEKNISK DRIFT OG
PROSJEKTLØSING
KOMMUNEREVISJONEN

Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord
Strandgata 43

Ytre Sogn og Sunnfjord

KRYSS-REVISJON

6900 FLORØ

Dato: 04.11.2011 Off:
Sak nr. X 212 Q04 Regn:
Arkiv: 187/2011
Avd.kode: 1401
Sakshandsamar: T.F.

Vår ref.
11/1753-1/K1-//HAFL


Dykkar ref.

Dato:
Florø: 31.10.2011

**SLUTTRAPPORT PROSJEKT 78656 ASFALTERING VEGAR YTRE
REKSTA OG ROGNALDSVÅG**

Vedlagt følger sluttrapport og sluttrekneskap på nemnte prosjekt.
Sluttrapport og rekneskap skal med Dykkar uttale vidare til politisk handsaming.

Med helsing


Reidulf Refsnes
Tenesteleiar


Hanne Anette Flugre
Kontormedarbeidar

Vedlegg: Sluttrapport og rekneskap.
Formannskapet sak 089/08.
Avtale mellom Flora Kommune og Bygdelaget Havglimt.
Brev frå Sparebanken Sogn og Fjordane datert 30.06.2008..
Kopi av faktura på utført arbeid.

**060/12 OPPFØLGING BYSTYRET SINE MERKNADER TIL RAPPORT
EIGARSKAPSKONTROLL ALARMSENTRALEN SOGN OG FJORDANE IKS –
FLORA KOMMUNE - EIGARSKAPSSTRATEGI**

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 12.07.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	31.08.2012	060/12	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyre		-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Vedtak bst sak 030/12 Rapport om eigarskapskontroll – Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS – Flora kommune

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kontrollutvalssak 31/08, 12/09 og 056/10.
- Rapport eigarskapskontroll Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS, datert 22.11.2010.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet ber rådmannen om ei skriftleg orientering om korleis ein ligg an i høve til å effektuere bystyret sitt vedtak i sak 030/12 Rapport om eigarskapskontroll – Alarmsentralen i Sogn og Fjordane IKS – Flora kommune.
- Kontrollutvalet kallar inn rådmannen til neste møte for å orientere om Flora kommune sitt eigarskap i selskap.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

**OPPFØLGING BYSTYRET SINE MERKNADER TIL RAPPORT
EIGARSKAPSKONTROLL ALARMSENTRALEN SOGN OG FJORDANE IKS –
FLORA KOMMUNE - EIGARSKAPSSTRATEGI**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Oppfølging bystyret sine merknader til rapport eigarskapskontroll Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS – Flora kommune - eigarskapsstrategi

Saksopplysningar:

Rapport etter eigarskapskontroll i Alarmsentralen Sogn og Fjordane for Flora kommune gjennomført av SEKOM sekretariat datert 22.11.2010 vart handsama i kontrollutvalet 30.11.2010 i sak 056/10.

Prosjektet hadde følgjande problemstillingar:

- Problemstilling 1: Selskapsavtalen og lov om interkommunale selskap
 - 1a) Kontroller at selskapet har følgd selskapsavtalen slik at kommunane er representerte slik det går fram av denne. Jfr. §§ 7 og 8 i selskapsavtalen. Jfr. også § 6 i Lov om interkommunale selskap
 - 1b) Utøver representanten sitt mynde?
 - 1c) Utøver styret sitt mynde?
- Problemstilling 2: Vedtak i kommunestyret
 - 2a) Vert vedtak gjort i kommunestyret handsama rett og følgd opp i selskapet?
- Problemstilling 3: Utøving av eigarskap målt mot tilrådingar frå KS Eigarsforum.
 - 3a) Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalde. (T1)
 - 3b) Utarbeiding av eigarskapsmeldingar. (T2)
 - 3c) Utarbeiding og revidering av selskapsstrategi og selskapsavtale/vedtekter. (T3)
 - 3d) Samansetning og funksjon til eigarorgan. (T7)
 - 3e) Gjennomføring av eigarmøte. (T8)
 - 3f) Samansetting av styret (T9)
 - 3g) Rutinar for kompetansevurdering av selskapsstyra. (T11)

3h) Kjønnrepresentasjon i styret. (T15)

Rapporten hadde følgjande konklusjonar:

- **Problemstilling 1: Selskapsavtalen og lov om interkommunale selskap**
 - 1a) Kontroller at selskapet har følgd selskapsavtalen slik at kommunane er representerte slik det går fram av denne. Jfr. §§ 7 og 8 i selskapsavtalen. Jfr. også § 6 i Lov om interkommunale selskap:
Representantskapet og styret er sett saman i samsvar med selskapsavtalen.

- 1b) Utøver representanten sitt mynde?

Representanten til Flora har møtt i alle dei fem representantskapsmøta i den kontrollerte perioden.

Alle saker som etter selskapsavtalen skal handsamast i representantskapsmøte har blitt handsama der.

- 1c) Utøver styret sitt mynde?

Styret synest å utøve sitt mynde tilfredsstillande.

- **Problemstilling 2: Vedtak i kommunestyret**

- 2a) Vert vedtak gjort i kommunestyret handsama rett og følgt opp i selskapet?

Alarmsentralen følger opp vedtak gjort i by-/kommunestyret.

- **Problemstilling 3: Utøving av eigarskap målt mot tilrådingar frå KS Eigarforum.**

- 3a) Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalde. (T1)

Flora kommune har ikkje gjeve representanten tilbod om opplæring i samband med hans verv som kommunen sin representant i Alarmsentralen.

Styremedlemene har i inneverande periode ikkje fått tilbod om opplæring i samband med sitt verv i Alarmsentralen.

- 3b) Utarbeiding av eigarskapsmeldingar. (T2)

Flora kommune har ikkje utarbeidd eigarskapsmelding for selskap dei eig eller er medeigar i.

- 3c) Utarbeiding og revidering av selskapsstrategi og selskapsavtale/vedtekter. (T3)

Flora kommune har ikkje laga eigarskapsstrategidokument for eigarskapen i Alarmsentralen.

Vi har ikkje konkludert på spørsmålet om strategien for eigarskapen i Alarmsentralen er kommunisert ut til representant og styre.

- 3d) Samansetning og funksjon til eigarorgan. (T7)

Flora kommune har valt politisk representasjon i eigarorganet.

Flora kommune har ikkje føreseieleg eller klar kommunikasjon mellom bystyret og eigarorgan i førekant av representantskapsmøte.

- 3e) Gjennomføring av eigarmøte. (T8)

Det er lagt godt til rette for at representanten skal kunne møte og vere godt førebudd til møte i representantskapet.

- 3f) Samansetting av styret (T9)

Styret synest å vere sett saman av medlemmer som kompetansemessig utfyller kvarandre.

- 3g) Rutinar for kompetansevurdering av selskapsstyra. (T11)

Det har ikkje vore gjennomført konkret vurdering av kompetanse i styret.

○ 3h) Kjønnrepresentasjon i styret. (T15)

Lovkravet til minst 40% representasjon i styret frå begge kjønn er oppfylt.

Rapporten hadde følgjande tilrådingar:

Sekom-sekretariat tilrår at kommunen legg KS-eigarforum sine tilrådingar om eigarskap og selskapsleiing til grunn for sitt utøvande eigarskap i selskap kommunen eig eller er medeigar i.

Etter gjennomført eigarskapskontroll i Alarmsentralen tilrår Sekom-sekretariat særskilt følgjande:

- Det bør gjevast tilbod om opplæring til representantar og styremedlemer.
- Det bør lagast eigarmelding.
- Det bør utarbeidast eigarskapsstrategi og lagast rutinar som sikrar ein aktiv strategidebatt i kommunen.
- Det bør utarbeidast rutinar som sikrar at strategien med eigarskapet vert kommunisert til representantar og styremedlemer.
- Som ledd i utarbeiding av strategi bør det vurderast kva type representasjon kommunen bør ha i representantskapet; politisk, fagleg, administrativ eller anna. Det bør også vurderast kva type representasjon ein ynskjer å ha i styret.
- Det bør utarbeidast retningslinjer som sikrar føreseieleg kommunikasjon mellom bystyret og kommunen sin representant i førekant av representantskapsmøte.

Kontrollutvalet handsama rapporten i møte 30.11.2010 og gav følgjande tilråding til bystyret:

- Kontrollutvalet viser til rapporten etter eigarskapskontroll i Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS frå SEKOM-sekretariat datert 22.11.2010.
- Det vert vist til konklusjonane og tilrådingane i rapporten.
- Kontrollutvalet viser til Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 15, 2. ledd og sender rapporten over til kommunestyret for handsaming.
- Kontrollutvalet tilrår at Flora kommune lagar ei eigarmelding gjeldande for alle selskap kommunen eig eller er medeigar i.
- Kontrollutvalet tilrår at Flora kommune legg KS Eigarforum sine tilrådingar til grunn for sitt utøvande eigarskap.

Bystyret handsama rapporten i møte 13.03.12 og gjorde følgjande vedtak:

- Saka vert teken til vitande.
- Bystyret ber om at det vert lagt fram ei sak om utarbeiding av eigarskapsmelding, der bystyret får høve til å definere innhald og framdriftsplan.

Sekretariatet sine vurderingar:

Kontrollutvalet har diskutert i møte å ta opp ei sak om eigarskapsmelding. Det er kontrollutvalet sitt ansvar å følgje opp bystyret sine merknader til vedtak som er gjort i samband med kontrollar tinga av kontrollutvalet. Sekretariatet finn det føremålstenleg å ta opp ei sak om eigarskap i selskap med grunnlag i bystyret sine merknader til rapport om eigarskapskontroll i Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS. Her kan kontrollutvalet følgje opp

merknadane bystyret hadde til rapporten samstundes som kontrollutvalet kan be om ein meir generell informasjon om eigarskap Flora kommune har i ulike selskap.

Sm 28-12



FLORA
KOMMUNE

Saksgang
Bystyret

Møtedato
13.03.2012

Saksnr
030/12

Sakshandsamar:
Terje Heggheim

Arkiv: K1-026, K2-M70 **Arkivsaknr**
Objekt: 10/777

RAPPORT OM EIGARSKAPSKONTROLL - ALARMSENTRALEN I SOGN OG FJORDANE IKS - FLORA KOMMUNE

Kva saka gjeld:

Rapport frå SEKOM-sekretariatet om eigarskapskontroll ved Alarmsentralen i Sogn og Fjordane.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Saka vert teken til vitande og punkta frå Kontrollutvalet om å utarbeide eigarskapsmelding vert følgd opp.

13.03.2012 BYSTYRET

Framlegg:

Repr.Frank Willy Djuvik,FRP tok opp kontrollutvalet si tilråding.

Repr.Odd Bovim,V gjorde framlegg om å utsette saka.

Repr.Gustav Johan Nydal,KRF bad om at gruppeleiarane kunne ta eit kort møte å sjå på eit evt. fellesframlegg.

Bovim trakk sitt framlegg.

Etter eit kort gruppeleiar møte trakk Djuvik sitt framlegg og Repr.Gustad Johan Nydal,KRF la fram slikt **fellesframlegg**:

1. Saka vert teken til vitande.
2. Bystyret ber om at det vert lagt fram ei sak om utarbeiding av eigarskapsmelding, der bystyret får høve til å definere innhald og framdriftsplan.

Røysting:

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

BYST-030/12 VEDTAK:

1. Saka vert teken til vitande.
2. Bystyret ber om at det vert lagt fram ei sak om utarbeiding av eigarskapsmelding, der bystyret får høve til å definere innhald og framdriftsplan.

Terje Heggheim
Rådmann

Vedlegg: 056/10 Rapport eigarskapskontroll Alarmsentralen i Sogn og Fjordane IKS – Flora kommune.

061/12 OPPFØLGINGSLISTE 6-2012 FLORA

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 23.08.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	31.08.2012	061/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 6-2012 Flora.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 6-2012 Flora vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 6-2012 FLORA

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følger ajourført oppfølgingsliste pr. 20.08 2012.

Lista vil bli oppdatert fortlaufande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Saker som kontrollutvalet ønskjer nærare utgreiing om eller undersøkt, kan takast opp i møtet for evt. oppføring på lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 6-2012 – Flora.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Flora kommune

I kontrollutvalsmøte 29.02.2008 vedtok kontrollutvalet at det fortløpande skulle hentast inn status i saker som det har handsama. Dette er andre statusrapport. Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
011/09 Tiltak - kontrollutvalsarbeid	31.03.09		31.03.09 Vedtak KU – gjennomfør. Orientering frå etatane, Orientering frå revisor Tilsynsrapportar Tertialrapportar Kvalitetsrapportar vedr Flora.
Sak 078/11 Overordna analyse.	08.12.11		08.12.11 Vedtak KU – Tinge hjå KRYSS.
Sak 014/12 Reglement kontrollutvalet Flora kommune.	28.02.12		28.02.12 Vedtak KU: -Kontrollutvalet kjenner til administrasjonen sitt framlegg til reglement for kontrollutvalet i "Arbeidsutkast for møte og delegeringsreglement". -Sekretariatet for kontrollutvalet, Sekom sekretariat, har også utarbeidd utkast til reglement for kontrollutvalet, som er vedteke i fleire andre kommunar som deltek i samarbeidet om Sekom sekretariat. -Kontrollutvalet ber om at Sekom sekretariat sitt framlegg til reglement for kontrollutvalet vert innarbeid i "Møte- og delegeringsreglement" for Flora kommune. 05.03.12 s. Flora kommune. 23.04.12 Vedtak bst sak 042/12. Saka utsett til junimøtet. 07.06.12 Vedtak byst 089/12. 27.06.12 Brev til Flora kommune om annonseringsrutinar.
Sak 015/12 Oppsummering seminar om kontroll og tilsyn i offentlig sektor	28.02.12		28.02.12 Saka utsett til OA er levert og ordf har orientert.
019/12 Godtgjersle for folkevalde	28.02.12		28.02.12 Vedtak KU - Kontrollutvalet viser til brev frå om Presisering i høve krav om erstatning for tapt arbeidsforteneste av 22. januar 2012. - Kontrollutvalet vurderer det slik at dagens reglement i enkelte tilfelle ikkje er godt nok til å fastsetje kva som er rett godtgjersle for tapt arbeidsforteneste. - Kontrollutvalet ber rådmannen om snarast å leggje fram sak om nytt reglement for godtgjersle for folkevalde med klare retningslinjer for dei ulike typar godtgjersle for folkevalde, og at det er mogeleg å kontrollere dei ulike utbetalingane mot reglementet. - Kontrollutvalet tilrår at utbetaling i ikkje kontrollerbare tilhøve inntil vidare vert stansa. 07.03.12 Brev til Flora kommune. 12.06.12 Vedtak byst 103/12.
031/12 Effektivering politiske vedtak.	27.03.12		27.03.12: Vedtak KU: - Kontrollutvalet registrer at politiske vedtak ikkje vert effektuerte innan gjevne fristar.

			- Vedtak i Klagesaka kraftlina kv420 Fardal - Ørskog der bystyret gjorde vedtak 09.02.2012 er ikkje sendt OED innan klagefristen. - Kontrollutvalet ber om at rådmannen innan neste møte i kontrollutvalet 27.04.2012 gjev ei skriftleg orientering om rutinar for effektivisering av politiske vedtak. 27.03.12 s. brev Flora kommune. 23.05.12 Svar frå Flora kommune. Vedtak KU: KU seier seg nøgde med svaret. Saka vert ikkje teka vidare. Sjå sak 42/12 (SM 36-12)
035/12 Årsrekneskapen 2011 – Innvandrarsenteret.	27.04.12		27.04.12:Fråsegn frå ku. 27.04.12 s. Flora kommune. 12.06.12 Vedtak byst 093/12.
036/12 Årsrekneskapen 2011 – Allhuset i Eikefjord.	27.04.12		27.04.12: Fråsegn frå ku 27.04.12 s. Flora kommune. 12.06.12 Vedtak byst 097/12.
037/12 Årsrekneskapen 2011 – Florø Kjøkkenservice.	27.04.12		27.04.12: Fråsegn frå ku 27.04.12 s. Flora kommune. 12.06.12 Vedtak byst 094/12.
039/12 Kontrollutvalsmøte ute i einingane.	27.04.12		27.04.12: Vedtak KU – Neste møte på Helsestasjonen – omvising 27.06.12 Brev til Flora kommune. 06.07.12 E-post til Flora kommune.
042/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.	23.05.12		23.05.12 Vedtak KU – Ikkje merknader
043/12 Skriv og meldingar	23.05.12		23.05.12 - Vedr SM 35-12: Rådmannen la fram skriftleg svar på brevet. Kontrollutvalet seier seg nøgde med svaret frå rådmannen og tek ikkje saka vidare. - Resterande skriv og meldingar vert tekne til vitande.
044/12 Årsrekneskapen Flora Hamn KF	23.05.12		23.05.12Tilråding til byst 23.05.12 s. byst 23.05.12 12.06.12 Vedtak byst 096/12.
045/12 Årsrekneskapen Havhesten Flora KF	23.05.12		23.05.12Tilråding til byst 23.05.12 s. byst 12.06.12 Vedtak byst 095/12.
046/12 Årsrekneskapen 2011 – Flora kommune	23.05.12		23.05.12Tilråding til byst 23.05.12 s. byst 12.06.12 Vedtak byst 106/12.
047/12 Orientering om tilsettingstilhøve sekretær (Ikkje offentleg)	23.05.12		30.04.12 s. brev Flora kommune. 23.05.12 Vedtak KU – Orienteringa vert teken til vitande.
048/12 Orientering om tilsettingstilhøve (Ikkje offentleg)	23.05.12		30.04.12 s. brev Flora kommune. 23.05.12 Vedtak KU – Orienteringa vert teken til vitande.
049/12 Orientering – Trafostasjon i Nybømarka.	23.05.12		30.04.12 s. brev Flora kommune. 23.05.12 Vedtak KU – Orienteringa vert teken til vitande.
050/12 Orientering – reise.	23.05.12		30.04.12 s. brev Flora kommune. 23.05.12 Vedtak KU – Orienteringa vert teken til vitande.
051/12 Forvaltningsrevisjonsrapport – Sjølvkostberekningar VAR-sektoren	23.05.12		23.05.12 Tilråding til byst. 24.05.12 s. byst Ikkje lagt fram for bst
052/12 Opne møte i kontrollutvalet	23.05.12		23.05.12 Vedtak KU – Saka vert trekt.

053/12 Oppfølgingsliste 5-2012 – Flora.	23.05.12		23.05.12 Vedtak KU – teken til vitande.
054/12 Eventuelt.	23.05.12		23.05.12 Vedtak KU – Det vart ikkje teke opp saker.

Oppdatert 20.08.12.

062/12 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 13.07.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	31.08.2012	062/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.

063/12 BUDSJETT 2013 FOR DRIFT AV KONTROLLUTVALET

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM-sekretariat

Dato: 27.08.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	31.08.2012	063/12	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Bystyret		-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Spesifikasjon av forslag til budsjett.
- Godtgjersleregulativ for omvods- og tillitsvalde i Flora kommune.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kommunelova.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

1. Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett og artsspesifikasjon for "Drift av kontrollutval".

Konto 11600 Skyss- og diettgodtgjersle	Kr. 6.000,-
Konto 10800 Godtgjersle folkevalde	Kr. 56.000,-
Konto 10990 Arbeidsgjevaravgift	Kr. 8.000,-
Konto 11500 Opplæring/kurs/seminar	Kr. 21.000,-
Konto 11959 Kontingentar	Kr. 5.000,-
Konto 11150 Matvarer	Kr. 4.000,-
<u>Drift av kontrollutvalet</u>	<u>Kr. 100.000,-</u>

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL BYSTYRET:

Saksutgreiing

BUDSJETT 2013 FOR DRIFT AV KONTROLLUTVALET

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Budsjett 2012 for drift av kontrollutvalet.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar §18, har kontrollutvalet ansvar for at det vert utarbeidd budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Eit forslag til budsjetttråme skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Kontroll- og tilsynsorganet inneheld tre element, (heretter kalla prosjekt i samsvar med nemningane i kontoplanen); revisjon, sekretariat og drift av kontrollutvalet. Det er naturleg at budsjettet vert fordelt på desse tre prosjekta.

I posten "Drift av kontrollutvalet", høyrer følgjande kostnader naturleg inn:

Kostgodtgjersle
Køyregodtgjersle.
Tapt arbeidsforteneste
Møtegodtgjersle
Arbeidsgjevaravgift
Kurs/seminar
Kontingentar
Andre utgifter

For kontrollutvalet i Flora er satsar for godtgjersle vedteke i bystyresak 103/12 12.06.2012 og gjeld frå 01.05.2012. Satsane for møtegodtgjersle vert regulert årleg i samsvar med løna til stortingsrepresentantane. Løna til stortingsrepresentantar er pr. 01.01.2012 kr. 777.630,-.

Satsane for godtgjersle er som følgjer:

- Kost- og køyregodtgjersle etter statens regulativ
- Tapt arbeidsforteneste:
 - Ulegitimert inntil kr. 1.200,- pr. dag.
 - Legitimert inntil kr. 4.600,- pr. dag.
- Møtegodtgjersle kontrollutvalsleiar: 3,0% årleg av ein stortingsrepresentant si godtgjersle.
- Møtegodtgjersle medlemmer i kontrollutvalet: 0,1% pr. møte ved møte. Dersom møtet varer mindre enn 1 time skal det utbetalast 50% av full møtegodtgjersle.
- Varamedlemmer pr. møte som faste medlemmer.

Flora kommune er med i interkommunale samarbeid når det gjeld revisjon og sekretariattenester gjennom høvesvis KRYSS-revisjon og SEKOM-sekretariat. Begge desse selskapa er organiserte etter §27 i kommunelova, og begge selskapa har teke inn i vedtektene sine at det er styret i selskapet som vedtek budsjettet, og at budsjettet skal sendast til kommunane innan 1. november året før budsjettåret.

Sekretariatet sine vurderingar:

Budsjettforslaget blir lagt fram som følgje av krav om dette i lova.

Budsjetta for KRYSS-revisjon og SEKOM-sekretariat vert vedtekne i dei respektive styra. Kontrollutvalet skal derfor ikkje leggje fram budsjett for desse.

Kontrollutvalet bør ha høve til å ta ut perioderapportar i løpet av året. Derfor er det viktig at budsjettpostane vert lagt inn i budsjettet til Flora kommune slik at dette er mogeleg.

BUDSJETT KONTROLLUTVALET I FLORA KOMMUNE 2012

Reisekostnader	1000		
Køyregodtgjersle	5000		
Tapt arbeidsforteneste	6000		
Møtegodtgjersle	50000		
Arbeidsgjevaravgift	8000		
Kurs/seminar	21000		
Kontingent FKT	5000		
Diverse	4000		
Samla budsjett	100000		
		(5*1200 + 0*4600)	(tal møter*sats*fpsats)
		(8*4*0,1%*777600) +	(tal møter * medlemer*sats)+(leiar)
		14,0% av møtegodtgj. og tapt arb.fort.	



GODTGJERSLEREGULATIV FOR OMBODS- OG TILLITSVALDE

I FLORA KOMMUNE

1. FELLESVEDTEKTER

1.1 Kven regulativet gjeld for

Godtgjersleregulativet gjeld for ombods- og tillitsvalde, faste representantar og møtande vararepresentantar for møte i kommunen sine egne organ som er oppretta med heimel i særlov eller i Kommuneleva §§ 25 og 26, kommunale føretak, andre heileigde aksjeselskap samt kommunal valte representantar til andre selskap og organisasjonar.

Regulativet kan fråvikast i tilfelle der det vert gjort unntak i særskild avtale, kollektive overeinskomstar, eller når det kjem i strid med ufråviklege lover og/eller føresegnar.

1.2 Tolking og gyldigheit

Tvil om tolking av reglementet vert å legge fram for formannskapet for endeleg avgjerd.

Reglementet gjeld frå 1 mai 2012 og fram til ny justering vert gjort av bystyret.

Justeringar av godtgjersle til folkevalde vil følgje av den til ei kvar tid gjeldande årlege basisgodtgjersla til stortingsrepresentantane. Jfr vedtak bystyresak 124/11.

2. Faste godtgjersler

2.1 Ordførar

Godtgjersla utgjer 100% av den årlege basisgodtgjersla til stortingsrepresentantane. Godtgjersla dekker alle gjeremål som fell på ordførarvervet etter lov og reglement.

Utbetaling: Månadleg i samband med lønsutbetalinga

2.2 Varaordførar

Varaordførar har 50% stilling med godtgjersle som utgjer høvesvis 85% av den årlege basisgodtgjersla til stortingsrepresentantane.

Godtgjersla dekker alle gjeremål som følgje av vervet, arbeid i kortvarige vikariat for ordføraren, under fråvær og sjukdom, samt vikariat under ordføraren sin ferie.

Ved vikariat for ordføraren av lengre varigheit, må eventuelt godtgjersle til varaordførar fastsetjast av formannskapet i høve lengda på vikariatet. Godtgjersla skal dekke all møtegodtgjersle. Andre verv skal dekkast i tråd med pkt. 2.3, 2.4 og 2.5.

Utbetaling: Månadleg i samband med lønsutbetalinga

2.3 Formannskapsmedlemer - faste

Godtgjersla skal dekke alle formannskapsmøta i året.
Fråvær frå meir enn 1/3 av møta fører til ein reduksjon på 25%.
Godtgjersla skal utgjere 3% av den årlege basisgodtgjersla til stortingsrepresentantane.

Utbetaling: Desember måned kvart år.

2.4 Leiar i faste utval, kommunale føretak og heileigde kommunale aksjeselskap

Godtgjersla skal dekke alle møter i utvalet i året. Som faste utval vert rekna:

- Hovudutval for helse og sosial
- Hovudutval for kultur og oppvekst
- Hovudutval for plan- og miljø
- Administrasjonsutvalet
- Kontrollutvalet
- Kommunale føretak
- Heileigde kommunale selskap

Godtgjersla skal utgjere 3% av den årlege basisgodtgjersla for stortingsrepresentantane og skal også dekke leing/deltaking i faste utval som naturleg ligg under faste hovudutval. Som AMU og Utbyggingsutvalet.

Utbetaling: Desember måned kvart år.

2.5 Leiar i andre utval

Som andre utval vert rekna alle utval som er oppnemnde av folkevald kommunalt organ med heimel i kommunelova eller særlov.

Godtgjersla skal dekke alle møter i året og fastsetjast samstundes med nedsetjing av utvalet. Rettleiande sats for godtgjersle i perioden 2011 – 2015 skal utgjere 1,5% av den årlege basisgodtgjersla for stortingsrepresentantane.

Utbetaling: Desember måned kvart år.

2.6 Frikjøpte folkevalde

Ordførar og varaordførar vert å rekne som som frikjøpte folkevalde.

Andre folkevalde som er minst 50% frikjøpt vert i dette reglementet rekna som frikjøpte.

Desse vert omfatta av kommunen sitt reglement når det gjeld sjukeløn og velferdsordningar.

Godtgjersla til frikjøpte skal utbetalast som løn; det medfører opptening av feriepengar

2.7 Reduksjon i fast godtgjersle

For folkevalde som deltek i mindre enn 2/3 av dei møta utvalet har i løpet av kalenderåret skal den faste godtgjersla reduserast med 50%.

For folkevald som har tenestefri frå kommunevervet i minst 3 månader i samanheng skal det gjerast høvesvis trekk i den faste godtgjersla.

2.8 Fast godtgjersle til varamedlem

Varamedlem som deltek i minst 1/3 av utvalet sine møter skal ha minst 50% av den faste godtgjersla til den han er varamedlem for.

Varamedlem som deltek i minst 2/3 av møta skal ha full fast godtgjersle.

2.9 Fast godtgjersle til gruppeleiarar i Flora kommune

Gruppeleiarar i politiske parti i Flora kommune som er representert i Bystyret har rett på fylgjande fast godtgjersle:

Partiet sitt tal folkevalde i Bystyret	Fast godtgjersle
1 - 4	0,5%
5 - 9	1,0%
10 - 14	1,5%
15 - 19	2,0%
20 - 24	2,5%
25 - 35	3,0%

3. Møtegodtgjersle

3.1 Møtegodtgjersle

For medlemmer i folkevalde organ vert det utbetalt møtegodtgjersle. Godtgjersla vert utbetalt for kvar møtedag. Dersom møtet har varigheit mindre enn 1 time skal det utbetalast 50% av full møtegodtgjersle.

Satsane for møtegodtgjersle vert sett til 0,1% av den årlege basisgodtgjersla til stortingsrepresentantane. Jfr Bystyresak 124/11.

3.2 Fleire møter same dag

Dersom folkevalde møter i fleire møter same dag, har dei rett på møtegodtgjersle for kvart møte.

3.3 Telefonmøte

Ved telefonmøte i folkevalde organ skal møtegodtgjersla utbetalast med 50%.

3.4 Avgrensing og oppretting av nye utval

Ved oppretting av nye og andre utval, nemnder, plangrupper eller komitear skal formannskapet avgjere om det skal betalast godtgjersle og eventuelt fastsetje storleiken på godtgjersla.

Møte mellom administrative representantar og folkevald(e) i faste utval og underutval til desse utløyser ikkje møtegodtgjersle.

I kommunale føretak og heileigde aksjeselskap vert det ytt godtgjersle for tapt arbeidsinntekt i samband med arbeidsmøter med interne og eksterne dersom dette er vedteke i det føretaket det gjeld.

3.5 Interkommunale organ

Kommunen sine politisk valde representantar og møtande vararepresentantar i interkommunale organ/kommunal representant i andre selskap/organisasjonar vert tilstått møtegodtgjersle etter dette regulativet (som for andre utval) dersom det interkommunale organet/selskapet/organisasjonen ikkje har eige regulativ og sjølv dekker dette.

3.6 Kommunalt tilsette og organisasjonsvalde

Representantar og møtande vararepresentantar som er valde av organisasjonane får tilsvarende møtegodtgjersle dersom møta vert haldne utanom vedkommande si arbeidstid i kommunen.

4. TAPT ARBEIDSINNTÉKT

4.1 Etter krav frå ombuds- og tillitsvalde vert det utbetalt vederlag for tapt arbeidsinntekt som følgje av vervet etter slike satsar:

-	Legitimert	inntil kr	4.600	for kvar møtedag
-	Ulegitimert	inntil kr	1.200	for kvar møtedag

Dersom det ikkje ligg føre dokumentasjon på inntektstapet, vert vederlaget gjeve etter satsen for ulegitimert tap. Det er i alle høve ein føresetnad at det ligg føre eit økonomisk tap.

Dette gjeld for alle møte der folkevalde vert kalla inn av Flora kommune herunder dei kommunale føretaka, eller deltakinga er vedteke av desse. Det kan såleis ikkje utbetalast meir enn ein sats for kvar kalenderdag.

4.2 Kven får vederlag

Vederlag kan gjevast til arbeidstakarar, sjølvstendig næringsdrivande og personar utan arbeidsinntekt dersom dei må forsøme sine ordinære gjeremål for å ivareta tillitsvervet, t.d. husmødre, studentar og pensjonistar.

Folkevalde som ikkje er i ordinært løna arbeid må i kvart einskild høve utgreie for grunnen til at det føreligg eit økonomisk tap.

Rådmannen avgjer i kvart tilfelle om det ligg føre faktisk inntektstap.

4.3 Kva skal vederlaget dekke.

Satsane i regulativet skal dekke tapt inntekt og feriepengar. Pensjonspremie skal ikkje dekkast.

Dersom arbeidsgjevaren ikkje trekker i løna, kan det avtalast at vederlaget skal utbetalast til arbeidsgjevaren som då må fremje refusjonskrav overfor kommunen. I slike tilfeller kjem arbeidsgjevaravgifta i tillegg til satsane.

Folkevalde med omsorgsansvar får etter rekning dekkja dokumenterte utgifter til naudsynt tilsyn. Det er ein føresetnad at omsorgsansvaret elles ville ha hindra/gjort det

vanskeleg for den folkevalde å delta på møtet.

4.4 Grunnlaget.

Som grunnlag for møtestart og møteslutt og utrekning av timar etter pkt 3.1 og 4.5. vert møteboka lagt til grunn.

4.5 Differansiert vederlag

For å få fullt vederlag krevst at fråværet har vara i minst 7 timar mellom kl 0800 og Kl 1600. For kortare fråver vert vederlaget utrekna høvesvis etter timetalet avrunda. oppover til næraste heile time. Rådmannen avgjer i kvart tilfelle om det foreligg eit faktisk inntektstap.

For bystyremøter og andre møter med start kl. 16.00 og seinare vert det ikkje betalt for tapt arbeidsinntekt med mindre det kan dokumenterast.

4.6 Sjølvstendig næringsdrivande

Ein sjølvstendig næringsdrivande er ein som driv verksemd for eiga rekning og risiko (ein som eig eit AS er ikkje sjølvstendig næringsdrivande, men lønsmottakar). Dersom inntektstapet er større enn satsen for ulegitimert tap, kan inntektstapet dokumenterast med normal timesats for den næringsdrivande si forretningsverksemd multiplisert med antal timar fråværet har vart. Næringsdrivande som driv verksemd basert på timebestilling har rett på dekning for det antal timar som møtet vert rekna å ville vare, sjølv om møtet faktisk varer i kortare tid. Som alternativ kan den det gjeld ta utgangspunkt i gjennomsnittet for likningsattestane for dei tre siste åra. I særskilte høve kan det søkjast formannskapet om å få dekkja dokumentert tap utover legitimert maks sats. Kapital- og pensjonsinntekter som kjem inn uavhengig av eige nærvær på arbeidsplassen vert ikkje medrekna i grunnlaget.

Krav om vederlag for tapt arbeidsinntekt skal sendast den som representerer rådmannen i utvalet innan 3 mndr etter at møtet er halde.

5. SKYSSGODTGJERSLE

5.1 Faktiske reiseutgifter i samband med utøving av kommunale verv vert dekte etter rekning med satsar i samsvar med staten sitt reiseregulativ. Den som representerer rådmannen i utvalet godkjenner bruk av eigen bil/båt.

Utgangspunkt og returpunkt for reise skal vere folkeregisteradresse. For studentar kan studieadressa reknast som utgangspunkt og returpunkt dersom dei reiser på rimelegaste måte. Formannskapet kan i særskilde tilhøve gie dispensasjon frå reglane om utgangspunkt og returpunkt.

Tidspunkt for reise til og frå møte skal leggst så tett opp til møtedato som mogleg. Eks: Ved møte dag tysdag er reise til møte tidlegast fredag. Dette av hensyn til deltaking i eventuelle gruppemøter. Returdato vert rekna til dagen etter siste avvikla møte. Krav om vederlag for tapt inntekt kan berre krevjast for møtedato.

Faktiske legitimerede overnattingsutgifter vert dekt etter rekning. Kvittering frå hotell/pensjonat må ligge med.

Krav om dekking av reiseutgifter skal sendast den som representerer rådmannen i i utvalet innan 3 månad etter at møtet er halde.

Krav om dekking av reiseutgifter for slutten av kalenderåret må sendast inn så tidleg som mogleg slik at slik at desse kan komme til utbetaling i siste lønnsutbetaling for året.

5.2 Regulering av godtgjerslene og vederlaga

Godtgjerslene og vederlaga som er fastsette i dette regulativ skal regulerast med 1 januar som verknadsdato.

6 Andre tilhøve

Kommunen har rapporteringsplikt til offentlig instans i høve rapportering av refusjonar/ytelsar den einskilde får utbetalt.

Det er verdt å merke seg følgjande:

Reise til og frå politiske møter er i utgangspunktet å rekne som arbeidsreise, men fordel i form av arbeidsgjevar sin dekning vert ikkje å rekne som skattepliktig inntekt når skattyter skjøtter politiske verv. Betingelsen for skatte- og avgiftsfritak er at samla løn og honorar vedr dette ikkje overstig kr 45.000.(sats for 2011/2012). Dersom denne grensa vert overstige vert heile godtgjeringa til dekning av reise å handsame som løn. Jfr. FSFIN § 5-15-6(9) og (10), og Lignings ABC pkt 10.3 > unntak, arbeid for veldedige organisasjonar